

# Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2011  
Utgjeve av Os Mållag  
27. årgang



100 år med Fjellheim

## Her er noko av det du kan lesa:

Jimmy Øvredal  
– dikteren utanfor  
allfarvegen –  
side 3




Os Rock'n LoL  
5 år  
side 14



Bjørnefjorden  
Golfklubb  
side 24



Første  
skulehuset  
i Os  
side 28



# Osingen

Utgjeve av Os Mållag

## Innhald

Jimmy Øvredal diktaren utanfor allfarvegen .....	3
Dikt av Jimmy Øvredal.....	6
Sorgsam song for Fjellheim.....	7
100 år med Fjellheim .....	8
Os Rock'n LoL 5 år .....	14
Barnesider .....	16
Det starta som syklande sårskiftar .....	18
Fram frå gløymsla.....	22
Bjørnefjorden Golfklubb.....	24
Leif Harald Lekven.....	27
Første skulehuset i Os.....	28
Med sola i auga .....	30
Målprisen.....	31

Foto framside: Eva May Nordstrønen

# Gode lesar!

Då er det igjen tid til lokal kultur- og historieskildring frå «den fagre bygdi me kjenner så vel»!

I år har Os mållag teke eit stort steg inn i den moderne teknologien. Med økonomisk støtte frå Visjon Vest, Sparebanken Vest sitt fond for allmennyttige midlar er alle tidlegare eksemplar av Oasingen digitaliserte og lagt ut på Os kommune sine heimesider! Me takkar sponsoren for denne flotte gåva som vil sikra at det tradisjonsrike årsskriftet no vert tilgjengeleg for ålmenta i all framtid!

Me vil òg takka hovudsponsoren til dette eksemplaret av Oasingen, som i år er ByggConcept AS.

Kulturhuset vårt, Fjellheim har no takka for seg og gjeve stafettspinnen vidare til Oseana. Kva er då meir naturleg enn å hylla Fjellheim med ein solid artikkel i bladet?

I Os finst det mange personar som har gjort seg merkt på ulikt vis, og me er stolte av å kunna presentera Jimmy Øvredal og gje dykk eit par av hans flotte dikt med på kjøpet. Me har òg eit portrettintervju av Anne Valle, og fram frå gløymsla har me drege Harald Kuven.

Os Rock'n LoL har fått mykje merksemd i år gjennom sitt femårsjubileum, og skildringa av stemninga frå jubileet fortel at dette arrangementet også har ein stor sosial verdi, i tillegg til det musikalske. På Bjørnefjorden golfklubb har ein fått fram lokale talent som har hevda seg i Noregs-eliten, og i år kan de lesa korleis ein kan «chippa» seg over generasjonskløfta!

Me har òg med skulehistorie, elevnovelle og flotte barnesider laga på Søfteland skule.

Då er det berre å reisa vidare inn i bladet vårt. *God tur!*

## Skrift- -nemnda



Elfrid Moberg



Barbra Røttingen



Hildegun Nordstrønen



Norvald Kobbeltvedt



Terje Bøthun



Nynorsk  
arbeidsglede

Foto: Tom Nordstrønen





# Jimmy Øvredal

## – diktaren utanfor allfarvegen –



Tekst: Norvald Kobbeltvedt

I oktober 2010 fekk Jimmy Øvredal spørsmål om å vera med på "Villmarkskveld" i Solbakkestovo. NRK -mann og naturfotograf Svein Haaland heldt foredrag. Kva passa vel betre ved eit slikt høve enn at "Vildmarkens Søn" las dikt, inspirert frå sine mange turar i skog og mark? Etterpå spelte han både ein og to slåttar saman med Os Durspelsamskipnad. Men han undra seg over at blant dei framførte sat ordføraren med lenke rundt halsen. I tillegg var det nokre personar der som han aldri hadde sett før. Ut på kvelden reiste Søviknesen seg og forlangte ordet. Han kunne fortelja at han denne dagen hadde eit spesielt ærend, nemleg å dela ut kongens fortenebmedalje - til Jimmy Øvredal. "Om lag alle i eit fullsett lokale visste om tildelinga, bortsett frå meg", humrar han. Dei ukjende i flokken viste seg å vera utsendingar frå fylkesmannen sitt kontor. Det vanka både diplom og gåver, og sjølvsgat mykje godord.

Etterkvart gjekk turen til hovudstaden. Med kona som følgje fekk han, og nokre andre i same kategori, audiens på slottet. "Etter velsmakande kanapéar og "gøtt i glaset", gjekk kongeparet rundt

og prata med oss". Det viste seg at kongen og dronninga kjende til denne osingen frå "Norge Rundt". Dessutan var dronninga informert om det nye kulturhuset som då var under bygging. "For meg som er ihuga royalist, var dette stort", seier han og undrar seg over kva som kvalifiserte han til utmerkinga. Underteikna kunne vel ha funne fleire ting ved denne kulturpersonlegdomen som sette han i denne posisjonen. Hans eigen konklusjon er: Det var nok truleg diktsamlingane som



gjorde mest inntrykk på juryen. Alt i første boka hans, "Songar or ein gamal belg", får vi ein peikepinn på kva som rører seg i hans verd. Han skriv om kompe og hestaskit, nytårskonsert, strilar på torgdagen og kaffivise. Vi finn det vakre diktet om veronikablomen (bilete), og andre fine skildringar av detaljar i naturen, og ikkje minst: Presentasjonen av Nils'n i Bakkjen og Stølatre Jens'en og venene deira, profilar som lever sine liv inne i Gråsteinlandet, men som nok har mykje til felles med osingar flest, om ein berre les litt mellom linene.

Namnet har han frå inst i dalen. Der vart han fødd, der voks han opp, og der bur han den dag i dag. Faren var derifrå, og dreiv gard der inne. Det var ikkje uvanleg at bønder den gongen rodde sildafiske vest i havet for å spe på inntekta; slik også med bøndene ifrå indre strøk. Innimellom kasta leigde fiskarane seg husrom på øyane. På fiskeværet Sanden i nærleiken av Hellesøy trefte faren ho som skulle bli kona. Ho flytta med han til Øvredalen. Etter kvart fekk paret odelsguten Jimmy. Framtida såg lys ut, men ikkje lenge etter vart mora sjuk. Etter få år døydde ho, berre 32 år gammal. Då var guten sju år.

Dette prega oppveksten hans, både på godt og vondt. Det positive var at han som einebarn fekk mykje merksemd frå dei rundt seg. Særleg var det ei tante som hadde mykje omsut for han, og som han tenkjer tilbake på med godhug. Tante Anna vart som ei mor for han. "Ho var sterkt religiøs og gav meg ei streng oppseding. Når utferdstrongen melde seg tidleg i ungdomsåra, og eg og venene frå Dalen ville på dans andre stader i bygda, var tante Anna skeptisk. Ho ottast nok "låke" vener, seier Jimmy.

Etter kvart gjekk ting seg til, men tanta gav meg ei plattform som har følgt meg til denne dag, minnest han.

Alt i tidlege barneår hadde han fått kontakt med instrument, for tanta hadde Valsonora Zither, på norsk kalla harpeleik (biletet). Dette var eit flatt instrument der strengane var ordna i grupper. Kvar gruppe var stemt som ein akkord, t.d. C, G eller F. Dermed kunne ein spela etter besifningsprinsippet, slik ein også gjer på ein gitar. Guten fekk bruka citharen som sin eigen. Det vart det første instrumentet der han prøvde ut musikaliteten sin.



Men det skulle bli fleire sjansar. Lønningdal, som er nabodalførret til Øvredalen, hadde eigen skule på den tida. Andor Bakke frå Malkenes vart lærar her. Han var særst dyktig til å spela trekkspel. Flike musikarar var dei neppe bortskjemde med på dei traktene, og ungane flokka seg rundt spelemannen. Stundom fekk dei prøva seg på tangentane. Det var på dette tidspunktet han vart hekta på det som skulle bli hovudinstrumentet, og som skulle føra til engasjement i mange en-

sembeleg og speling i mange slags fora. Det byrja for alvor i ungdomstida. Når dei reiste på turar med klassen, syntest både elevar og lærarar at det var stas å ha med eigen spelemann. Seinare spelte han og nokre medmusikantar til dans, m.a. i Dølatun, ungdomshuset i Hegglandsdalen.

Mange ønskjer å oppleva Jimmy Øvredal kåsera eller deklamera egne dikt. På desse ferdene er trekkspelet ofte følgjessvein. "For det meste spelar eg trekkspelmusikk av kjente komponistar, men eg har også laga musikk sjølv, m.a. til nokre av dikta mine. Eg har elles vore mykje engasjert i Os Durspelsamskipnad, som eg var med og starta og har vore musikalsk leiar for i mange år. Vi spelar i mange samanhangar. Då Per Fimreite slutta som prest i Os i fjor, ønskte han at vi skulle spela til songane på gudstenesta i oskyrkja."

Då Jimmy gjekk i 7. klasse, reiste læraren til Øvredalen og rådde faren til å senda sonen til Os realskule og seinare Hordaland gymnas. Såleis enda ungdommen opp som studentlærar eit par år, først på Bømlo, deretter på Midttun i Fana.

Han fekk smaken på læraryrket, og søkte seg til Stord lærarskule. Han fekk seg arbeid på Os linedelte ungdomsskule i 1964. «Eg har likt meg i skulen. Spesielt har eg hatt sans for dei svake, som kanskje hadde andre eigenskapar enn dei boklege».

Dette har Jimmy skrive om i diktet "Grå styrke":

Gje meg dei veike i verda,  
- dei vanvyrde, veike små,  
- som syner ein stålsett styrke  
den dagen det røyner på!

Gje meg dei stille i verda,  
- flokken av enkle ord -  
som takkar for turre tuggar  
og fred ved sitt vesle bord!

Gje meg dei minste i verda.  
- som veit dei er korn i sand,  
men smiler mot stjernekvellen  
som om dei åtte han!



Jimmy med sitt første trekkspel 15 år gammal. Fremste rekkje: Harald Midtsæter, ei byjente, Irene Midtsæter, dernest ei byjente. I midten: Magne Midtsæter og bak: Henry Midtsæter og ei byjente.



Jimmy i kjent positur heime i stova. Bukken på veggen har han skote sjølv.

Gje meg dei hardt forfylgde,  
- som fattar kva fridom er;  
- som lever frå time til time  
med døden so nær so nær.

\*\*\*

For Meisteren valde seg desse,  
og gjorde til skammar, slik,  
den skråsikre, skarpe, sterke,  
-som trudde seg trygg og rik!

1964 gifta han seg med Aaslaug Rommetveit. Etter kvart fekk dei tre born: Torunn, Anders og Heine. Jimmy fortel: "Utan den solide støtta frå ho som har sydd dagane våre saman - og stelt borna og dei gamle - i tillegg til gardsarbeid, husarbeid og sin eigen jobb som lærar, ville det truleg blitt smått med både dikting og andre interesser. Det var ho som skulle hatt medaljen."

Som nybakt student vart han utfordra til å teikna plansjar til bruk i undervisning. På grunn av dårleg økonomi var det uråd å kjøpa den slags. Denne aktiviteten har han halde ved like, og ikkje sjeldan følgjer det slike illustrasjonar med dikta hans i lokalavisa. Mange elevar har også fått del i Jimmy si interesse for den osiske fauna. "I 50

år har eg drive med ringmerking av fugl. Her har eg hatt god hjelp av interesserte elevar frå ungdomsskulen. Vi har ringmerka over 40000 fugl tilsaman."

Jimmy vart tidleg interessert i politikk. I 1967 vart han innvald i kommunestyret for Venstre. Då Venstre sprakk på

Røros, skipa han og andre profilerte osingar i 1971 " Samlingslista for Os". Dette vart det klart største partiet det året, og dei hadde ordføraren i mange år, først Paul Martin Sælen, deretter Annlaug Tysseland. "Eg hadde tilbodet om å verta ordførar eg også, i 1968, men eg takka nei. Eg tykte eg var for ung. Men eg var varaordførar i nokre år, og eg sat i kommunestyret i 24 år tilsaman."

No har han pensjonert seg både frå læreryrket og politikken. Men han har meir enn nok å gjera. Det vert mykje reising i Os og bygdene ikring. Også i NRK er han ein fast bidragsytar, i programmet "Friluftsmagasinet".

Då er det godt å trekkja seg tilbake til landskapet inst i fjellheimen, der han for nokre år sidan fekk bygt seg ei hytte, eit lite "skåp" på 18 kvadrat. Innhaldet blir ein liten spegel på eigarene sine interesser: Bilete av konge og dronning, blommar og dyr, politikkarar og familie. "Her trekkjer eg meg tilbake frå sivilisasjonen. Eg er i pakt med naturen. Og venene mine frå Gråsteinlandet bur like ved."

Også julebodskapan har han fletta inn i dette landskapet. Ettersom det nærmar seg den store høgtida, kan det vel passa å slutta med "Julesalme frå fjellheimen", som han skreiv til Os mannskor i 2007:



Hytta inst i Øvredalen.



# Julesalme frå fjellheimen

I myrke desemberkvelden,  
når myldrande stjerner rår.  
Då skin ho på himmelkvelven, -  
julekveldsstjerna vår!  
Ho skin for den store Meister,  
som før på ein julekveld.  
Alle som lyfter blikket,  
vert merkte av Meisterens eld!

Eg lyfter mitt blikk mot fjella,  
- dei kvitpynta, trauste grå,  
og spør meg - som gamle David:  
Kvar kjem mi hjelp ifrå?  
Og fjella gjev svar attende,  
i lydlause, sterke ord:  
Hjelpe di kjem frå Herren,  
som skapte vår himmel og jord.



Foto: Barbra Røttingen

So bed eg i julenatta  
-med tru på usynleg makt-  
om fred for dei minste, veike,  
-dei som treng englevakt:  
Gje dei den same hjelpe  
som du har gjeve meg!  
Lyft deira blikk mot fjella,  
og styrk dei i trua på deg!

Og under dei kalde stjerner  
den heilage julenatt  
stig songen frå slott og hytte:  
Herre, kom til oss att!  
Og fjella – dei trauste, stille,-  
gjev svar ifrå Meistermunn:  
"Sjå eg er med dykk alle,  
frå dåpen til livskveldens blund."

Jimmy Øvredal

# SORGSAM SONG FOR FJELLHEIM



Tekst: Anders Hauge

Dei fleste som har budd ei stund i Os-bygdo, har eit forhold til "Fjellheim".

Samtidig som huset hadde 100-årsjubileum no i 2011, vart det – ironisk nok – bestemt å avvikla/leggja ned/selja den ærverdige og minnerike bygningen.

"Oseana" stod og skein i sjøkanten, og "Fjellheim" var ikkje "tidsriktig" lenger. Forfallent og tungstelt var det òg.

Det er som kjent ingenting som varer evinneleg – ikkje eingong "Fjellheim"!

Men eit skikkeleg gravøl fekk huset med seg på tampen.



## Kjære sørgjande!

Til alle som fann saman her i salen,  
til alle som fann vegen hit i kveld.  
Til alle dykk som elsker dette huset  
og som ønskjer ta vemodsfyllt farvel:  
VELKOMNE- kvar og ein- til denne vaka  
ordførar, kultursjef, gjester, store, små!  
Så sjølv om både sjel og hjarte skakar,  
når Fjellheim no blir sett bak lås og slå,  
skal ikkje DET få hindra oss å mimra-  
å minnast litt av det som ein gong var.

## **KJØR FILM, GUNNAR!**

«Den falske prins» har lurt seg inn bak teppet,  
Harald Kuven var nettopp innom med ein film,  
men Abbott og Costello vil nok neppe  
gi plass til Lars me' Sjødn no i kveld.  
Tordado tek ein pitteliten pause,  
for fruktkorga skal også loddast ut,  
så no gjeld det at alle mann er rause,  
så også Teddy Nelson får sin lut.  
Og mens ungdommane svingar seg i dansen,  
har Bastiansen ein julefest på gang.

## **VINCENT, TA INNMARSJEN EIN GONG TIL!**

Silentium! Henry Gloppen slår med stokken,  
«Musikken» skal jo snart halda konsert,  
mens Kristi Birkeland og turndamene har nok ein  
iherdig øvingskveld før dei blir ekspert.  
Men i «Småsalen» der held ein faktisk skule,  
og i kjellaren er loddsal og basar,  
men bak på galleriet sit dei kule  
og småkysser og muskar, par om par,  
mens andre par har gøymt seg på altanen,  
for litt «privatliv»- sånn på lur- bak ei gardin.

## **DE MÅ OPNA TIL SMÅSALEN!**

For «Fjellheim»s veggar er så full av minne,  
vi FØLER dei - langt meir enn det vi ser.  
Vår lidenskap skal ikkje brenna inne,  
ein livslang kjærleik- som støtt vil vera der:  
Stor TAKK fordi vi hadde dette huset  
der det fanst hus- og hjarterom for alt,  
så framleis er det slik vi kjenner suset,  
frå alt der føregjekk- det syda overalt.  
Difor vil «Fjellheim»- sjølv symbolet på vår ungdom-  
på «Fritio» - vår fortid- alltid standa kvar!



Tekst: Tore Moberg



# 100 år med Fjellheim

Laurdag 28. mai vart det teke høgtideleg avskjed med Fjellheim. Os Musikk- og Turnforening arrangerte mimrefest og gravøl for Fjellheim, som truleg har fått den endelege dødsdomen. Huset er i alle fall ikkje å finna att i dei nye planane for utvikling av strekninga mellom Stasjonsbygningen og Kvernhuselva.

At det var akkurat Os Musikk- og Turnforening som måtte stå for avskjeden med Fjellheim, skjønar ein godt, når ein på desse få sidene får eit lite innblikk i historia til Fjellheim. Det er mykje god og interessant lokalhistorie knytta til Fjellheim. Eg har konsentrert meg mest om første del av Fjellheim-perioden, altså fram til ca.1960.

## Ei unik historie

Framleis ruver Fjellheim i landskapet, og ber med seg ei historie som går 100 år attende. Fjellheim handlar om to hus, første Fjellheim som brann, og noverande. I tillegg handlar det også om eit unikt samarbeid mellom to foreiningar som i utgangspunktet er veldig ulike. Fellesprosjektet "Fjellheim" vart noko langt meir enn øvings- og treningslokale for Os Musikk- og Turnforening. I arkivet for første Fjellheim finn ein dette:

*"Husets formaal er først og fremst aa dekke de to foreninger som eier huset sitt behov, og dernest tjene som et forsamlingslokale for bygden".*



Ei siste helsing frå turndamene(Foto: Os og Fusaposten)





Første Fjellheim

Hundre år er no gått sidan Os Musikk- og Turnforening fekk reist første Fjellheimbygget, innunder fjellknausen på tomta som hørde til Hans Engjelsson Moberg sitt bruk (Indre Moberg 4). Som ein kuriositet kan det nemnast at Oseana-tomta er frå nabobruket (Indre Moberg 3) eigd av Bjørn Moberg.

### To foreiningar utan hus

I åra etter stiftinga av Os Musikkforening (1901) og Os Turnforening (1905) var det stadig spørsmål om øvingslokale, særleg vinterstid. Turnforeningen trente ein del i sjøbuva til Ole Valle Moberg ved Oselva. I "Vadlabuo" var dei alltid velkomne når det var ledig, men det var jo ikkje store plassen. For Musikkforeningen var det, kan henda, enda vanskelegare. I eit uthus ved Kuvenstasjonen, med stearinlys på notestativa, fraus dei vinterstid. Elles var loftet på gamle kommunehuset eit litt betre alternativ, men trongt: "det var så trangt at når bassen tok et kraftig fortissimo, blåste han nesten ut lyset".

### Første Fjellheim

I 1910 kjøpte Turnforeningen ei tomt ved Kuven Stasjon (mellom Rema og Fløysand Tak) for 100 kroner, som var heile kassabehaldninga. Musikkforeningen slo seg no i lag med turnarane, og saman starta dei ein storstilt dugnad på tomta. Dette var starten på eit langt og unikt samarbeid mellom foreiningane. Den delvis opparbeidde tomta vart imidlertid seld etter kort tid, og no kunne foreiningane bla opp det doble, 200 kroner, og kjøpte Fjellheim-tomta av grunneigaren Hans Engjelsson Moberg. Tomta låg meir sentralt, og i Musikkforeningen sitt arkiv kan vi lesa: "...den lå så centralt, især for musikkens vedkommende, da vi kunne drage folk til oss med vores lokkede toner."

Grunnmuren til det nye huset vart sett opp på dugnad, og byggmeister Nils Bøe sette opp huset for 3000 kroner. Summen var lån i Os Privatbank (seinare DnBNor) som alle medlemmene i foreiningane måtte kausjonera for, og som det står i arkivet til Os Turnforening: "Dette var en nokså enkel affære for alle var like blakke".

### Søndag 26. februar 1911

Det nye huset vart innvigd med ein stor opningsfest og fekk namnet Fjellheim. Musikanerane hadde fått øvingslokale, turnarane sin etterlengta turnhall, og Os-

bygda sitt første forsamlingshus eller kulturhus. Med Fjellheim kom det ein heilt ny giv i både Turnforeningen og Musikkforeningen. Turnforeningen fekk ein god turntropp som no trente fast i Fjellheim. Instruktøren og eldsjela i dei første åra etter innviinga var utan tvil Andreas Midtbø. Han var eit usedvanleg stort turn- og idrettstalent, men han vart diverre sjuk og døydde allereie i 1916, 26 år gamal.

Den andre eigaren av Fjellheim, Musikkforeningen, opplevde det same. Fleire medlemmer kom til, og musikken vart fast innslag på festar, basarar, og sjølv sagt på 17. mai. Os Strykemusikkforening eller "Stryken", som laget vart kalla, kom ikkje for alvor med i Musikkforeningen før i 1930.



Stryken 1930. Sitjande frå venstre: Lars Moberg, Johannes Lyssand, Mons Lyssand (dirigent), Harald Lyssand, Sverre Nicolaysen. Ståande frå venstre: Sigurd Bugge, Henrik Lyssand, Ivar Tvedt, Nils Hauge, Bjarne Lyssand. Foto: Mortensen

Mons Lyssand hadde i mange år dirigert hornorkesteret, men i 1930 tok han over "Stryken", og Ivar Tvedt tok over hornorkesteret. "Ivaren" vart jo legendarisk med sitt ustøppelege engasjement for musikken, og ikkje minst for Fjellheim.

Lars Nicolay Nicolaysen var ei stor drivkraft i musikkforeninga i åra etter stiftinga i 1901. Han var sjølv stiftaren av foreininga, og medlem av byggjekomiteen for første Fjellheim. Musikalitet går ofte i arv. Sonen Sverre Nicolaysen var aktiv i "Stryken" i mange år, og med i byggjekomiteen for siste Fjellheim. Han spelte på fleire strengar. Turnar var han, formann i Turnforeningen og ei eldsjel i Fjellheim. Sonen hans igjen, den spreke 83 år gamle Asbjørn Nicolaysen, hadde siste trening med "gamlekarane" i Fjellheim rett før sommaren. Også han var aktiv i Turnforeningen og i Fjellheimstyret. Interessa for Fjellheim gjekk også i arv.

### Dei første Os-revyane

I 1934 vart den første Os-revyen, "No ska' de få da" sett opp i Fjellheim. Skodespelarane måtte vera medlem av Musikk- eller Turnforeningen, men mange var jo også medlem av begge.

Karla Særvold, no 95 år gamal, var medlem av det første Fjellheim-styret (husstyret), og ho var også med og stifta symjegruppa i Turnforeningen i 1935. Idrettstalent var ho,



Frå Os-revyen "Det kunne vore verre" i 1935  
Frå venstre: Ingeborg Røttingen, Signy Bøe, Karla Særvold,  
Olga Moberg, Reidun Aarvik

men på Fjellheim-scena synta ho også eit sjeldant song- og skodespelartalent. Tilbod frå teatersjefen i Bergen takka ho nei til, for som ho sa: "Eg sto jo i butikken til Guro Lyssand, og stelte mor som var sjuk". I 1978 vart ho "hanka inn" att av Fritio-aktørane, og gjorde stor lykke bl.a. med "Besto"-figuren til Arnfinn Haga, og i samspel med Lars Kristiansen i "Eit Frieri"

Mange fleire burde vore nemnde her, men det er det ikkje plass til i denne omgang.

### Storbrann og nytt Fjellheim i emning

Etter ei stor utviding og ombygging i 1926, var ei ny ombygging planlagt i 1936.

I husstyret i 1936 sat: Gustav Lund (formann), Ivar Tvedt (kasserar), Jakob Hjelle og Nils J Lund. Byggjekomiteen for ombygginga var samansett av husstyret, og i tillegg kom Magne Bøe, Sigurd Bugge, Sverre Nicolaysen, Mons Lyssand og 25 år gamle Harald Kuven.

Den kjende arkitekten Johan Lindstrøm frå Bergen hadde teikna ombygginga, som var kalkulert til 20 000 kroner. Å byggja om og på eit bygg som allereie hadde vore påbygd, var komplisert. Dei trong imidlertid ikkje å uroa seg så lenge for det. Kort tid før arbeidet skulle ut på anbod, fekk komiteen eit heilt anna oppdrag. Det fekk også arkitekten.

Natt til søndag 30. august 1936 brann Fjellheim ned til grunnen. Den store trebygningen vart eit lett bytte for flammene. Historisk materiale gjekk tapt, men dei fleste instrumenta til Musikkforeningen var imidlertid heime hos medlemmene. Ein kontrabass klarte Ivar Tvedt å redde, så vidt det var. Vittige tunger ville ha det til at teikningane av det nye Fjellheim allereie låg klare før brannen. Uansett, branntomta vart rydda, og brukande material vart køyrt opp til det nyopna idrettsanlegget på Kuventræ, og det første garderobeanlegget vart bygd.

Om ikkje teikningane var klare før brannen, vart i alle fall dei første utkasta til teikningar klare kort tid etter brannen.

### Nytt Fjellheim- eit formidabelt prosjekt

Få dagar etter brannen var den allereie nedsette byggjekomiteen i sving med å planleggja huset som skulle bli eit av dei flottaste forsamlingshusa på Vestlandet. Nøyaktig 14 dagar etter brannen hadde byggjekomiteen første befarung på tomte saman med arkitekt Johan Lindstrøm, som no skulle teikna eit heilt nytt hus. Han

hadde bl.a. teikna det gamle posthuset (no Tanngarden) som kan minna om Fjellheim i mindre målestokk.

Om bygginga av Fjellheim var eit stort prosjekt, var det ikkje mindre imponerende at foreiningane samstundes la planar for korleis ein skulle få inntekter til drift av huset. Stikkord var kino. Eit utdrag frå søknaden som Harald Kuven førte i pennen, og sende heradsstyret på vegner av foreiningane allereie 23.09.1936:

*"I anledning av at Os Musikk- og Turnforening nu skal gå til gjenoppbygging av sitt lokale Fjellheim tillater vi oss å ansøke det ærede herredsstyre om konsesjon til kinodrift". Og avslutningsvis: "med høiagtelse for Os Musikk- og Turnforening"*

### Byggjemøta på Lars Berges kafé

6. oktober hadde arkitekt Lindstrøm teikna eit framlegg til ny Fjellheim-bygning i mur på ca. 360 kvm. Grensa for trebygningar var 250 kvm, og etter storbrannen fem veker tidlegare var det ingen diskusjon om ny trebygning. Byggjemøta kom tett som hagl frametter, dei fleste på Lars Berges kafé (seinare Kafé Osingen). Referat frå byggjemøta og søknader i aust og vest vart ført i pennen av Harald Kuven, som seinare, og med god grunn, vart omtalt som Mr. Fjellheim.

Rett over nyttår 1937 vart bygget godkjent i bygningsrådet, og dei ulike handverksfaga vart sende ut på anbod. Byggjekomiteen hadde først kalkulert med ca. 50 000 kroner, men det vart "litt" dyrare. Dei som fekk anboda på Fjellheim, var for det meste frå Os:

Abraham Lund (grunnarbeid), Hans Lundetræ (jern og betong), Torg. Kaldestad (elektrisk)  
Konrad Lepsøe (tømrararbeid), Mons Lyssand (målararbeid), I. Bjørø (blikkenslagararbeid)  
Kristian Lyssand/Os Dørfabrikk (trappe- og snikkararbeid).

I tillegg desse: Elektrisk varmeanlegg: Per Kure A/S, Oslo, sanitæranlegg: K. Mikkelsen, Fana, murararbeid: Sigurd Schei, Fana, sceneteippe: Kløverhuset, stolar (brukte): Den Nationale Scene.

### Stormfullt kranselag

Etter det første spadesticket 18. mars 1937, gjekk arbeidet rask framover. Laurdag 23. oktober 1937 var det klart for kranselag. Harald Kuven skildrar dagen slik i ein tale på 10-års-jubileet for Fjellheim i 1948:

*"Om morgenen ble flagget heist på topp, men allerede kl. 12 middag måtte det som var igjen av det fires da det røk opp til storstorm. Om kvelden kl 5 samles alle, i alt 34 mann til fest på Lars Berges kafe, og nå ble det storm innendørs. Alt var stille og pent til arkitekten hadde forlatt selskapet, men da tok karene det igjen. Ordstyreren ble dysset ned, og til tider var det opp til tre taler på en gang".*

Vidare står det: "Der var i alt knust mellom 15 og 20 glass som alle ble knust når talerne ba om ordet – de ble litt for tung på hånden. I originalversjonen skriv Kuven også bl.a. "Den sterke "Løiten" og det friske Hansa øl smakte fortrinnetlig godt".

## Ferdig hus og kinoanlegg på plass

Arbeidsinnsatsen på bygget vart ikkje mindre etter kranselaget, snarare tvert i mot. Fram mot årsskiftet var sjølve bygningen på det meste ferdig, men det sto att ein del innreiing, og mykje utstyr skulle skaffast til huset. Gjevarglede og pengegåver er her stikkord. Fleire i byggjekomiteen fekk no oppgåver i festkomiteen som skulle førebu den store innviinga av Fjellheim 5. februar 1938. Harald Kuven vart nærast sjølvskreven til å leia festkomiteen.



Fjellheim 1938

Byggjerekneskapen vart ført i pennen av Ivar Tvedt. Den kunstneriske handskrifta hans syner sluttsummen: kr 92 616.30. I tillegg til denne summen kom det eit brukt kinoanlegg som vart kjøpt i Oslo for kr 6 338.

## Den store Fjellheim-festen

Laurdag 5. februar 1938 skulle Fjellheim innviast, og 350 gjester var inviterte. Blant dei meir prominente gjestene var teatersjefen ved Den Nationale Scene, Hans Jacob Nilsen, ordførar Nils Tveit, arkitekt Johan Lindstrøm, og mange fleire av medlemmene i foreiningane på plass. I Harald Kuven, formann i festkomiteen sin kortversjon av festen frå eit jubileumshefte står det:

*"Festen ble åpnet av Os Musikkforening's orkester under ledelse av dir. Mons H. Lyssand. Deretter leste Lars Skorpen en vakker prolog som han hadde skrevet for anledningen. Formannen i festkomiteen Harald Kuven ønsket så forsamlingen velkommen og gav ordet til Olav Skorpen som holdt festtalen. Talen var en vakker hyllest til ungdommen, og fikk kraftig bifall"*

Foreiningane framførde skodespelet *Til Sæters*, og teatersjefen vart så imponert over prestasjonane at han gjekk i garderobane og takka kvar einskild skodespelar. Det var etter innsatsen i dette stykket Karla Særvold fekk tilbod om å prøva seg på DNS. At Os Musikkforening spelte til stykket i den nye musikkgrava, vart nesten nesten gløymt.

Søndag 6. februar skulle kinomaskina køyrast i gang, og tre fulle hus såg filmen *Louis Pasteur*. Filmen, som fekk tre Oscars, vart såleis første offisielle film i Fjellheim. Mange filmar skulle rulla over lerretet i Fjellheim dei neste femti åra.

Tredje dagen var det klart for gjestespel med DNS og Ibsen-stykket *Gengangere*, og med det var tre utrulege festdagar i Fjellheim over.

## Husstyre, kinostyre og anna styr

Veka etter den store festen var det klart for første generalforsamling for Os Musikk- og Turnforening i det nye Fjellheim. Mange funksjonar skulle på plass for å drifta det store bygget, og utfordringane sto i kø. Husstyre, kinostyre, kinomaskinist, vaktmeister, treningstider, leigesatsar osb. Ja, til og med garderobedamer skulle tilsetjast og lønast. Desse vart det nye husstyret: Engel Eikeland (formann), Ingvald Kolås (nestformann), Nils Lund, Lars Moberg, Karla Særvold og Oddlaug Dahl. Her må det tilføyast at Ivar Tvedt også kom inn i husstyret i 1938. I over 20 år var han ei drivande kraft i Fjellheim i tillegg til alt arbeidet han la ned i Musikkforeningen.

I kinostyret sat: Harald Kuven (formann), Lars Skorpen, Sverre Nicolaysen og Johannes Tvedt. Første "pedell" (vaktmeister), Hans Prestø, vart også tilsett. Dei som køyrde filmene i starten, var Kristian Moberg, Bjarne Lyssand, Ulf Ruland og Gunnar Gundersen. Det skulle snart syna seg at kinoen skulle bli berebjelken for Fjellheim i åra frametter. I 1938 vart det synt 38 filmar, året etter 48. Inntekta frå filmene auka for kvart år, og ein kunne starta nedbetaling av gjelda på huset.

## Harald Kuven blir forretningsfører på "livstid"

Året etter innviinga av Fjellheim vart Harald Kuven formelt tilsett som forretningsfører for kinodrifta. Ein kan mistenkja han for å ha kome med framlegg til stillingsinstruks sjølv, slik at ingen andre ville søkja på denne jobben, som vart løna med 200 kroner i året, og som eigentleg var ein bijobb.

*"Forretningsføreren må påta seg å føre regnskap for kinoen, samt å stå for den nødvendige korrespondanse m.m. som vedrører kinoen. Videre må han forplikte seg til å være til stede ved hver eneste kinoforestilling."*

Seinare vart "Harald'n" forretningsfører for alt som gjekk føre seg i Fjellheim, heilt fram til han måtte slutta pga. sjukdom i 1976. Den eigentlege jobben hans var på heradskassen der han også hadde orden på pengar og rekneskap.

## Fjellheim i krigsåra

9. april kom dei tyske soldatane til Os, først til Ulven og deretter til Fjellheim. Jernsenger vart sette opp både i storesalen og i kjellaren. Fjellheim var okkupert, og tyskarane forlangte at huset skulle stå til deira disposisjon til ei kvar tid. 26. april var foreiningane samla til krisemøte, og det vart raskt vedteke å krevja leige av okkupantane, og at kinoen måtte halda fram som før. Etter to månader utan film kom kinoen i gang att, og etter kvart betalte også tyskarane leige for huset. Kinoen vart redninga, og gjelda kunne betenast. Utvalet av filmar var kraftig redusert, men folk strøymde til Fjellheim og fekk eit kjærkome avbrekk i kvardagen.

Utanom kinoen vart einskilte arrangement gjennomførte, og andre lag fekk også leiga huset.

I 1941 vart barneskodespelet *Den falske prinsen*, skriva av Lars Bastiansen, sett opp med stor suksess. Tyskarane stilte opp på generalprøven, men forsto truleg ikkje så mykje,



så det gjekk greitt gjennom sensuren. Musikkforeningen heldt fleire konsertar dette året, bl.a. jubileumskonserten (40 år) saman med Mannskoret.

### Tunge år før det tok av

I dei første åra etter krigen var det mykje å ta tak i etter fem år med tyske "leigebruarar".

Turnforeningen sleit i tillegg med dårleg økonomi etter store utlegg på Kuventræ. I styre-protokollen for husstyret 22.08 1946 kan ein lesa: "Turnforeningen får fire ekstra dansearrangement, og ingen andre lag får dansearrangement resten av 1946".

Foreiningane sto side om side når den eine trong hjelp. Mange år frametter skulle det bli Fjellheim-dansane som heldt liv i begge foreiningane.

Ola Midtbø har lang fartstid i husstyret. Allereie i 1938 var han med i husstyret og seinare var han formann i tre år frå 1949. Den spreke og spenstige 91-åringen fortel levande om Fjellheim i desse åra. Dei gamle og tunge stolane frå DNS vart skifta ut med nye og lettare. For å betra akustikken i storesalen vart bl.a. veggene kledde med kryssfinerplater, etter råd frå arkitekt Lindstrøm og ein lydteknisk ekspert. At Ola'n tok tak i dette var ikkje tilfeldig, for han var jo musikar i tillegg til eit idrettstalent. Utanfor huset vart den velkjente og bastante muren gjort ferdig, for å nemna noko.

### Storheitstida for Fjellheim

Tida frå 1950 til 1975 var på mange måtar storheitstida for Fjellheim. Heile perioden er godt dokumentert i gamle i styreprotokollar, og mange har eigne historier frå kinoen eller dansen i Fjellheim. Noko må også nemnast her.

Inntektene frå kinoen og dansane auka jamt utover på 50-talet, og det var desse inntektene som i praksis løfta Fjellheim fram desse åra. Leigeinntekter frå skulane var



50-årsjubileet til Os Turnforening i 1955.



Frå avisa "Dagen" 9.03. 1957. Planlagt påbygg. Skissa er teikna av Jakob Hjelte etter teikningar av Johan Lindstrøm.

også viktige bidrag til Fjellheim-kassen. Huset var fullbooka sju dagar i veka, men foreiningane sine arrangement hadde sjølv sagt førsteprioritet.

Ei storstilt utviding av huset vart teikna av arkitekt Lindstrøm i 1957

Som vi ser i dag, var det berre "vaktmeisterboligen" som vart realisert. Ivar Tvedt er nemnd tidlegare, men bør nemnast igjen, for han var formann i husstyret i den mest travle perioden for husstyret nokon gong, på slutten av 50-talet og tidleg på 60-talet.

### Kinoen



Ein "love story" som osingane Burde få sjå meinte "Harald'n"

Det var ikkje få filmar som rulla over lerretet desse åra, og Fjellheim var i fleire år ein av dei mest besøkte bygdekinoane i heile landet. Kinosjef Harald Kuven var interessert i film, og las kritikkar i aviser og i filmblad før filmane vart godkjende til framvisning i Fjellheim. Eit eige filmutval frå foreiningane, i tillegg til Harald Kuven, tok ut filmane, men det var nok Harald Kuven som kunne film. Ei kommunal nemnd skulle imidlertid også ha eit ord med i laget, og lærar Sigurd Aksnes var frå 1957 i fleire år formann i nemnda. "Aksnesen" hadde mildt sagt eit litt anna syn enn "Harald'n" på einskilde filmar. Med til denne historia høyrer også at Harald Kuven sende eit langt brev til departementet, og fekk støtte for at det var foreiningane som hadde det avgjerande ordet sidan dei hadde konsesjon på filmframvisning. Filmen *Den tatoverte rosen* frå 1956 var ein av dei mest besøkte i 1956, men det var altså før Sigurd Aksnes kom inn i kinonemnda

Ut på 70-talet gjekk det jamt nedover med kinoen i Fjellheim, som det også gjorde med andre tilsvarande kinoer i landet. Harald Aase hadde teke over for Harald Kuven i 1976, og i 1980 var det jamt slutt.

## Dansane


Dansane i Fjellheim er eit omgjepp langt utover Os-bygda. Inntektene frå dansane heldt liv i foreiningane og huset til slutten av 70-talet. Harald Kuven, ordensmennesket og systematiker, førte nøyaktig logg over dansane. I ein av protokollane kan vi f.eks. lesa kor mange det var på kvar einaste Fjellheim-dans frå 1953 til 1980. Den siste dansen som er ført med "Harald'n" si handskrift, er 9.10.1976. Ut frå desse kan vi lesa at allereie tidleg på 50-talet var det fulle hus på Fjellheim-dansane. Over 1000 var det kanskje på jonsok eller 17. mai. 23.06 1961 er det til dømes oppført 1043 betalande, og husstyret som arrangør. Inntektene frå denne dansen gjekk tilbake til huset. Laurdagsdansane vart stort sett sett delte likt mellom Turnforeningen, Musikkforeningen og huset. I mange år var det i gjennomsnitt Fjellheim-dans tre av fire laurdagar i månaden, og den fjerde var det krinsane sin tur. Til liks med kinoen var det jamt slutt på dei tradisjonelle Fjellheim-dansane i 1980.

## Fritio reddar Fjellheim



Os-revy 1978: Karla Særvold i samspel med Lars Kristiansen i stykket "Eit frieri"

Utan inntekter på kinoen og dansane vart det ikkje pengar til vedlikehald og faste utgifter. Os Elektrisitetsverk truga stadig med stenging av straumen, og Fjellheim-spørsmålet vart ein gjengangar på styremøta i foreiningane utover på 80-talet. I 1978 kom Fritio med nye kostar, og dugnadsanda var tilbake i huset, nesten som i gamle dagar. I ti år frametter vart Fjellheim på ny sentrum for revy, konsertar, "Håtta du?"- kveldar og mykje meir. Dei driftige Fritio-



Bygdakunslaget ville inn på eigarsida i 1982 (Skisse: Bernt Kristiansen)

arrangørane sette Fjellheim på dagsorden med "Aksjon kulturhus" i 1982. Store planar for opprusting av huset med Bygdakunslaget inn på eigarsida, vart det imidlertid ikkje noko av.

Mykje dugnad vart gjort på Fjellheim utover 80-talet, og Fritio overførte kvart år pengar til huset. Dei gjekk mest til å halda hissige kreditorar på avstand. Jonny Christensen var formann i husstyret frå 1984 og heilt fram til kommunen kjøpte huset i 1989. "Jonnyen" og fleire andre i husstyret gjorde ein kjempejobb med å halda Fjellheim "flytande" desse åra.

## Os kommune kjøper Fjellheim

Gjelda på huset auka kraftig utover 80-talet, m.a. pga. skyhøge renter. For å gjera ei lang historie kort: Os kommune kjøpte ut foreiningane for 2,5 millionar kroner. Gjelda på ca 1 million vart sletta, og 750 000 kroner vart overført til kvar av foreiningane. "Jonnyen" skulle bli siste formann i husstyret, og første vaktmeister i det kommunale Fjellheim. Rett mann på rett plass. Ei omfattande opprusting av huset i 1991, bl.a. med fleire tilbygg, gjorde Fjellheim tenleg som kulturhus dei neste 20 åra. Arkitekt Hans Skogen teikna "Nye Fjellheim", og som vi kan sjå: Han gjorde ein framifrå jobb, og arkitekt Lindstrøm sin stil og utsjånad på Fjellheim vart ført vidare.



Frå musikalen "Tommy" i 2006 (Foto: Os og Fusaposten) Anne Leni Søfteland Sæbø og Terje Neset synte at "Nye Fjellheim" var godt brukande til aktiviteter for born og ungdom. Framtida vil kanskje syna at det blir behov for eit reservehus for Oseana. Den ballen sparkar vi over til kulturkontoret.

## Oseana tek over stafettspinnen

Fredag 17. juni 2011 vart Oseana offisielt innvidd med ein flott opningsfest. Det markerte starten på ei ny tid der praktbygget på Mobergsneset hadde teke over stafettspinnen frå Fjellheim. Om det blir hundre år med Oseana, veit vi ikkje, men vi må vera takknemlege for at Os kommune endeleg realiserte planane om eit bygg som no kan samla heile Osbygda til eitt rike.

### Skriftlege kjelder:

Os Turnforening 40 år, Jubileumshefte, 1945  
Os Turnforening, Jubileumsbok, 2005  
Os Musikkforening, 100 år, 2001  
Bygdesoga for Os, 1980  
"Osingen", 1992  
Diverse protokoller for Fjellheim 1936 – 1989

### Munnlege kjelder:

Ola Midtbø  
Karla Særvold  
Odd Lyssand  
Asbjørn Nicolaysen



# Os Rock'n LoL 5 år



Tekst og bilete: Maria Meidel Hansen

## ROCK N'LOL

*Eg står midt i folkemengda og ser rundt meg. Det er skyfri himmel. Lukta av grill, myggstift og øl gjer det vanskeleg å halde sumarkjensla borte. Eg ser tidlegare klassekameratar, lærarar, slektningar, gamle «flammar», gode vener og kjende vrimla rundt meg. Musikken*



*Sommarleg idyll ved festivalcampen*



*Det mangla ikkje på noko under festivalen*



*Stemminga var god frå fyrste stund*



*dunkar ut av høgtalarane ved hovudscena. Tilskuarar hoppar i takt med tonane. Folk strøymer til og frå campen ved vatnet. Stemninga er magisk. Smila er på plass i kvart eit fjes. Endeleg er helga komen! Helga vi har venta på i eit heilt år. Det er endeleg duka for Rock n´ LoL 2011!*

## Byrjinga

Historia startar 4 år tilbake i tid. Ein gjeng musikalske og kreative Søftelandsgutar ønska å lage ein fest litt utenom det vanlege. Dei mekka saman ei scene av trepaller, og inviterte heile 200 gjestar til rockekonsert i hagen til foreldra. Dette vart stor suksess, men det var nok ingen som den gongen hadde nokre førestellingar om korleis dette skulle kome til å utvikla seg. Året etter, i 2008, flytta dei fjorårets suksess til garden til Olav Valle. På det idylliske jordet på Sanden laga dei til Rockefestival, og talet på gjestar tredobla seg! Dei utvida festlegheitane til å gå over to dagar, og folk kunne overnatte på eigen festivalcamp. Og historia fortsette å utvikla seg i same retning. I 2009 var det 1200 gjestar innom på festivalen, og no hadde Søftelandsgutane ordna større og meir seriøse band for å spela. Trass dårleg vær, var stemminga upåklageleg. Det var tydeleg at dette var noko Osingane likte. God musikk med mykje kjentfolk,- blanda med eit snev av bygdefest.

## Utvidingar

I 2010 vart festivalen avduka for fjerde gong. Rock n´ LoL var no vorte så attraktivt at dei valgte å satsa endå meir enn tidlegare. Dei fekk leiga scene, lyd og lys, og det vart eit mykje meir seriøst preg på heilheita. Større og meir seriøse band vart henta inn. Rock N´LoL var no vorte ein skikkelig festival, og noko ein berre måtte ha med seg!

## 5 års-jubileum i 2011

Det er allereie gått 4 år sida første Rock n´ LoL, og 15. og 16. juli i år vart det 5. arrangementet i rekka feira med eit skikkelig jubileum! Arrangørane, brørne Andreas og William Lindborg, hadde i år satsa stort. Dei utvida no med endå ei scene, ei teltscene i tillegg til hovudscena, slik at dei heile 20 banda og artistane fint kunne overlappa kvarandre utan tidsopphald mellom konsertane. På natta etter konsertane var det «gardsdans» framføre teltscena, og DJ var leigd inn begge kveldane. Førebuingane var meir omfattande i år enn tidlegare, med drenering av plenar, utvidingar og graving. Heldigvis er dugnadsanden i Os stor, og mange frivillige hjalp til, både før, under og etter festivalen. Stemninga var til å ta og føle på! Heile 40 telt vart sett opp på festivalcampen, der ein også kunne grilla, bada og sosialisera under heile arrangementet. På festivalområdet kunne ein kjøpa seg både drikkevarer og grillmat, band- og festival-effektar. Vêrgudane var i år mykje meir samarbeidsvillige enn dei førre åra, og det var så vidt ein såg antydningar til regn heile helga. Det var over 2000 besøkjande, så Rock n´ LoL avslutta med rekord i år også. Artistar som bl.a. Ida Maria, Fjorden Baby!, Razika, Tøg og Kråkesølv var nokre av hødepunkta dei oppmøtte kunne oppleve i år.



### **Festival for alle**

Både i 2010 og 2011 vart det arrangert familiedag på laurdagen under festivalhelga. Då kunne familiar kome på gratis rockekonsert, samt vera med på loddsal og svampkasting. Der vart det seld vaflar og andre godsaker. I juni vart det arrangert luftgitar-konkurranse for dei minste på Amfi-senteret i regi av Rock n´ LoL, og dei heldige vinnarane skulle i tillegg til å få ta med seg ein flunkande ny el-gitar heim og få lov å opptre på hovudscena på familiedagen! Oppimot 400 møtte opp og fekk smaka litt på rocke-stemninga på Søfteland. Festivalen har dessutan eit eige opplegg for dei under 18 år, slik at dei både kan få med seg konsertane, fråskild frå hovudområdet, og dei kan også få ta del i festivalcamp-livet heile helga.

### **Nyttar ressursar frå Os**


Både før og under ein festival er det mykje planlegging og organisering som må til. Festivalsjef Andreas Lindborg seier til Os & Fusa Posten at «Me treng ikkje dra til byen for å skaffa ting til festivalen. Me har alt me har bruk for i Os». Scene, lyd og lys vart levert frå Lyd & Lys Produksjoner, filming av konsertane vart gjennomført av Varde Film og Media, medan Os Rockeklubb bidrar med diverse utstyr. Dessutan følger Midtsiden.no godt opp med dokumentering og informasjon undervegs. Men det er ikkje kun det praktiske ein kan få tak i frå bygda. Me er så heldige å ha mykje musikalske talent å by på, og dette er Rock n´ LoL flinke til å framheva. På tross av at festivalen har vakse seg stor, med store artistar og band, kan ein fortsatt sjå lokale musikarar under arrangementet. I år sto Spellemann- vinnarane Orbo & The Longshots på scena både fredagen og på laurdagen under familiedagen. Ein kunne også få med seg lokale band og heltar som Kingcalling, Neoplasma og gardsverten Valle som Heilag Olav. Noko av sjarmen med Rock n´ LoL er måten dei klarar å ta vare på det heimekjære og nære, og ikkje gjera seg så alt for kommersielle trass i utviklinga.

### **Bergens Beste**

I sumar hadde Bergens Tidende ei kåring av "Bergens Beste" innafor ulike sjangrar. Her var det lesarane som sjølve som skulle stemme på dei nominerte over ei viss tid, og i august vart vinnarane kåra. I sjangeren Bergens beste festival, vart Rock N' LoL nominert, i tillegg til Festspillene, Bergensfest, UKEN og BIFF. Å verta nominert blandt desse annerkjende festivalane er stort. Endå større er det at Søfteland Rock N' LoL stakk av med sigeren! Kjetil Grønvhig, leiar i Os Rockeklubb, uttalte til Midtsiden i etterkant: *"Årsaka til sigeren og suksessen på Søfteland er minst to ting, festivalen er lokalt forankra, arrangørane har andre søftelendingar og osingar med seg, i tillegg har dei teft, dei leverer noko heilt spesielt."*

---

Mørket og stillheita har lagt seg over festivalområdet. Dei besøkande har takka for seg for denne gong, og det same har Rock N' LoL. Regnet har byrja på arbeidet med å skylja vekk spora etter hendingane denne helga. Men ein stad er det fortsatt liv å sjå. Eg stikk hovudet inn i eit partytelt nederst på campen, heilt ved vatnet. Her er det stinn brakke. Boombasteren er funnen fram, og musikken fyller heile teltet. Her er dei samla, dei som enno ikkje er klare for å takka for seg. Innsjå at helga og festivalen er over for i år. Den dei har venta så lenge på. Dei ferske minnene brusar i blodet. Opplevingane og inntrykka dei har frå festivalen er nok til å halda ut endå lengre, trass slitne og våte kroppar og klede. Dei syng, dansar, pratar og ler. Nokre kompisar kjem og drar meg inn i varmen. Vi ser på kvarandre med eit stort glis. Vi veit alle at det er på tide å dra. Det er over for i år. Minnene og kjenslene vi sit att med, vil vi alle kunne leve lenge på. Medan vi ventar på Rock N' LoL 2012.





# Barnesider

*Barnesider laga av 6. og 7. klasse ved Søfteland skule*

## BOKMELDING

**Tittel:** Større enn seier

**Sjanger:** Ungdomsroman

**Fofattar::** Øistein Hølleland, fødd 6.juni 1950 i Oslo, er ein norsk forfattar. Han debuterte med diktsamlinga *Vi lærte* i 1977. Dikta handlar om Hølleland sin oppvekst på austkanten av Oslo. .

**Handlinga:** Ei ulykke kjem sjeldan aleine. Rett før sommarferien rauk vaskemaskina, då blei det i alle fall ikkje nokon ferie på David, og Sigrid kjærasten hans skal til Kreta med familien. Noko så urettferdig. Er det rart han blir glad når faren inviterer på tur til London? Med billetter til Arsenal-Coventry på Highbury. Arsenal, som har vore favorittlaget i generasjonar.

**Stad:** Handlinga går føre seg på austkanten av Oslo.

**Personkarakteristikk:** David er lei av at alle får dra på ferie og ikkje han, men plutselig kjem faren med gode nyheiter. Sigrid er kjærasten til David, og dei to blei saman på korpstur i Zimbabwe, men David er ikkje heilt sikker på om det vil vare.

**Kven passar boka for:** Boka passar for dei mellom 9 og 13 år.

**Mi mening om boka:** Eg synest boka var bra, men ho passar best for dei som er interesserte i fotball.



Mellomtrinnet på Søfteland markerer at det i år er 150 år sidan Fridtjof Nansen blei fødd. 6.klasse har skrive dikt.



Fotograf: Fridtjof Nansen  
Eigar: Nasjonalbiblioteket

## FRIDTJOF NANSEN

Fridtjof Nansen var ein modig mann så han jobba dagen lang laga ei skute som heiter Fram og ho var god som gull, sa han. Fridtjof hadde kone og barn og dei var dei beste i verda, sa han. Fridtjof Nansen reiste til Nordpolen det var tøffare tur enn til skolen. Hjalmar Johansen var hans venn og dei slost mot isbjørn som uvenn mot uvenn. Fridtjof Nansen var ein god mann han jobba for fred i det store Russland.

### Spørsmål

1. Kva heiter hovudstaden i Frankrike?
2. Kva heiter hovudstaden i Australia?
3. Kva for ein hovudstad er verdas nordlegaste?
4. I kva for ein hovudstad kan du gå på Bolsjoj-teateret?
5. I kva for eit land er Sofia hovudstad?
6. Kva heiter hovudstaden i Egypt?
7. Kva heiter hovudstaden i USA?
8. Kva heiter hovudstaden i Tyskland?

(Svar på neste side)

## Kryssord

## Vassrett

1. Stor fisk

2. Sprø

3. Sommarkos

4. Matvare

5. Hokjønnsord

6. På himmelen

7. Dyr i sjøen

8. Toalett

9. Dyr i skogen

### Svar på spørsmåla

1. Paris
2. Canberra
3. Reykjavik
4. Moskva
5. I Bulgaria
6. Kairo
7. Washington D.C.
8. Berlin

## Loddrett

1. Dyr med lange øyre

2. Liten sau

3. Alvorleg

4. Dyr

5. Farge

7. Rydda

## Fridtjof Nansen

Fridtjof Nansen var hans namn.  
 Han var ein modig mann.  
 Fridtjof Nansen fekk jo barn.  
 Fem barn, det likte han.  
 Nansen blei fødd på store Frøen gard.  
 Han fekk til slutt Nobels fredspris.  
 Han hjalp andre folk, og det var bra.

## Fridtjof Nansen

Fridtjof Nansen og Hjalmar Johansen over Grønland drog dei saman.  
 Dei bygde flåten, rakk ikkje båten .  
 3 år var dei der utan håp og kler.  
 Jakta isbjørn, kval og sel.  
 Fraus nesten i hel.  
 Gifta seg med Eva Sars.  
 Fekk 5 barn og laga stort kalas.  
 Eva hadde lungebetennelse.  
 I 1907 døydde Eva.  
 Fridtjof fekk ny dame.  
 Drog ut på havet.  
 1930 døydde han.  
 68 år gammal var han.



Fotograf: L. Szacinski  
 Eigar: Nasjonalbiblioteket



# Det starta som syklende sårskiftar



Tekst og bilete: Barbra Røttingen

Eg har sett henne i så mange ulike roller. Frå sprudlande joggar langs vegen til raudkledd klarinettspelar på nasjonaldagen, som inspirerende møteleiar i pleie- og omsorgsetaten, eller som profesjonell Spa-ansvarleg på Solstrand.

Det er Anne eg snakkar om. Anne Valle.

Då eg møtte henne i rådhuset for nokre månader sidan, fortalde ho at ho skulle gå av med pensjon, og det slo meg: pensjonistar er ikkje som dei ein gong var. Anne er ein person som har gjort seg merka i mange samanhengar i bygda, og Osingen fann det difor spennande å invitere til eit intervju. Eg trudde pensjonistar hadde god tid, men då det skulle avtalast tidspunkt for intervjuet, kom ho fram med ein ganske så full kalender...



Anne på toppen av Hallingskarvet.

Men så kjem ho då på avtalt dag, ein halv time for seint, men blid og sommarfrisk.

- Eg har vore med og jobba med personalavdelinga i dag, derfor vart eg litt sein.

- *Er ikkje du vorten pensjonist no då?*

- Jau, men du veit, det er no kjekt å få vera med litt òg...

Ho skildrar det nye livet som pensjonist som den reine luksus. Det byrjar å gå opp for henne at ho har ikkje berre hatt ein lang sommarferie.

- Tenk, eg har god tid om morgonen, kan rusla ut i postkassen og henta avisa, eg kan baka bollar og gleda nokon med, eg kan ta meg ein fjelltur midt i arbeidstida, og «kontantstøtta» kjem inn kvar månad.

Anne samlar hendene rundt kaffikruset, ser ettertenksam ut.

- Eg byrjar rett og slett å nyta det.

### Barndom

Anne er oppvaksen på Moberg. Ho skildrar barndomen sin som trygg og god. Faren var utdanna møbelsnekkar, men overtok gardsdrifta, då eldstebror hans døydde. På garden vaks den vesle jenta opp med realitetane tett på. Ho fekk tidleg venja seg til slakting av dyr, og korleis ein fekk mykje god mat ut av dyret. Mora forsøkte å læra henne typiske kvinnesyslar innomhus, men Anne vart alltid dregen mot tilværet utomhus og i fjøset og vart etter kvart erfaren både med hesjing og mjølking. Faren var og flink å ta ungane med på tur i skog og fjell, noko Anne alltid sette stor pris på.



Ho gjekk på skulen på Os i rein jenteklasse, heile 29 jenter. Ja, det var slik den gongen. Då dei vart litt eldre og byrja lesa engelsk, fekk dei faktisk lov å ha undervisninga saman med gutane.

### Den glade ungdomstida

Anne gjekk på realskule i Os, eitt år i Yrkesstovo og eitt år i Sanitetshuset. Her var det mykje moro, og i klassen var det blant anna mange ambisiøse karar som kom like frå Fusa. Etterpå gjekk turen til Fana gymnas, der ho gjekk alle tre åra saman med fleire andre osingar. «Russetida var kjempegøy», seier Anne og får dette lure glimtet i augo.



Klovnen Anne på revy i Fjellheim 1981

Anne har to yngre brøyr som begge var gode i fotball - det var berre litt synd at fotballen den gongen berre var for gitar. Slik var det med skøyter òg, det var det berre gutane som fekk. «Men eg heiv meg med likevel, så sant eg kunne», seier Anne.

## Frå trusestryking i London til isbading på Fitjar

Etter gymnaset reiste ho til London for å arbeida som au pair. Det var ein stor overgang for den energiske osjenta som likte seg på bøen eller i fjellet å no skulla stå inne og «stryka truser.» Men ho likte å få oppleva eit meir internasjonalt tilvære og planla å dra vidare til Paris. Men då sa mora nei.

«Mor plasserte meg heller på husmorskule på Fitjar, og der fekk eg igjen oppleva nye kontrastar, der samlingspunktet var ein respatekafè med Jukebox!» Men det var mykje uteliv i naturen på Fitjar, og det var her ho fekk sansen for å bada i iskaldt vatn heile året, ein lidenskap ho framleis har.

Ho hadde òg eit halvt år som lærarvikar på Bømlø. Det gjekk for det meste greitt, heilt til dei kom til handarbeidstimane. Dette var aldeles ikkje blant Anne sine spesialområde, så ho måtte heim til mora for å læra. Den heilt store suksessen i handarbeidfaget uteblei, og læraren ho vikarierte for, var skuffa over kor lite elevane hadde lært. Då var det bra det var gode resultat i dei øvrige faga!



Side 19: Revynummer i Fjellheim i 1981



«Promillen» i Os musikkforening underhold på arrangement i Oshallen

## Musikk og revy

Om ikkje handarbeid vart den store lidenskapen til Anne, så har ho mange andre. Musikk og dans har ho alltid trivest godt med, noko som blant anna har ført til at ho har spela



Den unge sjukepleiaren saman med kolleger på Psykiatrisk Klinikk i 1972

klarinet i Os Musikkforening i heile 50 år! Og der er ho framleis aktivt. Ho har òg delteke på fleire revyar i Fjellheim og har mange gode minne om lek og moro frå den tida.

## Sjukepleie på Haukeland

Det var ganske tilfeldig at Anne vart sjukepleiar. Ho hadde tenkt på språk eller fysioterapi, men på husmorskulen søkte dei fleste jentene sjukepleien, så ho heiv seg med. Og slik vart det til at ho fekk si treårige utdanning på Haukeland sjukepleieskule.

Som nyutdanna sjukepleiar gjorde arbeidserfaring på Psykiatrisk Klinikk på Haukeland sterkt inntrykk, og har prega henne seinare. Det vart på den tida innført nye behandlingsmetodar. Den formelle sjukepleieuniformen vart teken bort, og dei arbeidde mykje med gruppeterapi.

- Då sat me saman med pasientane i ein ring, me brukte sivile klede, og det vart lettare å sjå mennesket bak pasientrolla. Denne erfaringa gjorde meg trygg og var ei god ballast eg tok med meg inn i arbeidet i heimesjukepleia.

## Til heimesjukepleia i Os

I 1968 gifta Anne seg med osingen Harald Fosså. Saman fekk dei to born, Dagmar og Halgeir. Då ho var i permisjon med yngstemann, Halgeir, i 1973, ringde dåverande sjukepleiesjef Jenny Storum henne



og spurde om ho kunne tenkja seg å ta vakter i Os heimesjukepleie. I 1972 vart det nemleg vedteke retningslinjer for oppretting og drift av heimesjukepleieverksemd. Staten stimulerte kommunane til å byggja opp eiga sjukepleieteneste lokalt, ved å refundera 75 % av stillingane som vart oppretta og sett i kraft.

Og slik starta Anne si lange karriere i Os kommune. Ei karriere som skulle vara i 39 år!

Ho starta med å sykla rundt i heimane til folk som trong særskift. Bil hadde ho ikkje i byrjinga, men sykkel gjorde same nytta for den unge sjukepleiaren. Skulle ho langt av stad, var drosje løysinga. Det var spesielt å vera inne og stella med pasienten i heimen medan takstameteret gjekk utanfor. Etter halvtanna år fekk ho eigen bil som ho nytta.

### Å arbeida i heimesjukepleia

Anne fann det tiltalende å arbeida i heimesjukepleia. Ein grunn til dette er at ho fekk arbeida sjølvstendig. Ho såg også at det var mange som trong hjelp ute i heimane.

Med erfaring frå Psykiatrisk Klinikkk Haukeland og interesse for denne pasientgruppa, vart det naturleg at ho fekk ansvar for heimebuande psykiatriske pasientar. På den tida hadde ikkje kommunen psykiatriske sjukepleiarar. På slutten av 80- talet og byrjinga på 90 -talet vart det gradvis nedbygging av psykiatriske sengeplassar i dei store sentrale institusjonane. Langtidspsykiatriske pasientar vart utskrivne og sendt

til heimkommunane sine. Os kommune fekk på den tida fleire pasientar frå Valen sjukehus og frå Askviknes, pasientar som var svært institusjonaliserte og som hadde store vanskar med å ta vare på seg sjølv etter år i institusjon. Samhandling mellom tenstenivåa var ikkje det beste den gong heller, og kommunen var ikkje førebudd på hjelpebehovet til desse pasientane. Behovet til denne gruppa i kommunen vart sett på dagsorden.

- Eg minnes frå den tida eit godt samarbeid med Jens Jacob Lund, psykiatrisk sjukepleiar på Askviknes. Me var begge engasjerte og interesserte i brukargruppa og jobba hardt for å kara til oss prosjektpengar frå fylkeskommunen. Det klarte me og Kontakto, dagsenter for psykiatriske pasientar vart etablert i Os kommune på 90-talet. Me fekk og til eit samarbeid mellom Askviknes og heimhjelpsordninga i Os, - ei inspirerende og spanande tid!

Etter eit stadig veksende behov for heimesjukepleia i kommunen, vart det naysynt å auka administrasjonen i heimesjukepleia og det vart oppretta avdelingsleiarstilling i kommunen. Anne fekk stilling og hadde denne til ho vart tilsett som pleie- og omsorgssjef i 1992. Etter omorganiseringa i 2001 og innflytting på Luranetunet, vart Anne einingsleiar med ansvar for eldreomsorga i kommunen.

Eg lurar på kvifor ho vart vald ut til leiarstillingane, og etter å ha tenkt seg om i eit par sekund kjem svaret:

- Eg vert veldig engasjert når eg får til noko - då brenn eg! Evna til å få

folk med meg og til å dra lasset i lag er kanskje ein annan dimensjon. Eg har alltid opplevd å få handlingsrom i arbeidet mitt i kommunen, og når eg får med meg handlekraftige, gode kollegaer, vert eg sterk.

### Konkurransetsetjing av Luranetunet

Då Luranetunet vart bygd og teke i drift i 2001, hadde Anne fått nye utfordringar i fanget. Kommunestyret vedtok at halve Luranetunet skulle konkurransetsetjast. Vinnaren av anbodskonkurransen for dei fyrste fem driftsåra var Norlandia Omsorg AS, og Anne skulle konkurrera om å vera best, både på kvalitet, personalleiing og økonomi.

- *Korleis var dette for deg Anne?*

- Konkurransen inspirerer meg. Eg hadde teke vidareutdanning i omstilling i kommunehelsetenesta og såg på dette som ei utfordring som gav meg energi. Me fekk òg rydda i eige hus. Me må forholde oss til politiske vedtak som vert gjort, og samstundes ta vare på det faglege nivået. Alle arbeider hardt i eldreomsorga i Os, dei eldre har det godt i kommunen vår, og det er naudsynt med bevisst økonomistyring, også der. No hadde me fleire oppgåver å ta hand om på den kommunale delen av Luranetunet enn Norlandia hadde, så me konkurrerte vel ikkje på heilt like vilkår. Men me ville levera kvalitet, og det synt seg at me var like gode, alle på Luranetunet.

### Frå open omsorg til Spa på Solstrand

Anne hadde eitt års permisjon frå kommunehelsetenesta. I denne tida arbeidde ho som leiar for spa-avdelinga på Solstrand Hotel og Spa. «Det var eit svært spennande og utfordrande år. Morosam sightseeing saman med hotellgjestar vart det òg!

### Leiging og arbeidsmiljø

- *Korleis vil du skildra deg sjølv som leiar, Anne?*

- Engasjert, eg likar å få til noko, skapa resultat. Eg er bevisst at eg er ein rollemodell og pregar eit arbeidsmiljø og mine omgjevnader



Side 20: På nasjonaldagen 2009 saman med Os musikkforrening





Mormor Anne på Midtsæterfjellet saman med barneborna Selma, Mari og Aksel, 2006

med min veremåte og mine handlingar. Humor er viktig for meg, det avvæpnar situasjonar og lettar på stemninga. Eg ser dei store linene i organisasjonen og er tilhengar av at ting er godt nok, sjølv om det ikkje er perfekt. I tillegg er eg målfokusert. Eg meiner eg har evne til å få med meg medarbeidarane mine mot felles mål. Når ein er einig om målet, får medarbeidarane mine fridom under ansvar. Så er eg der i bakhand med støtte og hjelp når det trengst. Eg gjer stadig feil og innrømmer det gjerne, - eg trur det er viktig å våga å feila.

- Er du flink til å delegera?

- Eg trur eg har vore det, men eg er og snar å tilby hjelp til dei som treng det. Eg er ærleg og oppteken av å vera meg sjølv, og det inneber òg at eg innrømmer og ber om orsaking når eg har gjort feil. Ein viktig leiareigenskap er å våga å gå inn i konflikhtar før dei veks seg store, og heller ordna opp med ein gong ein oppdagar dei.

Anne pratar med tyngde og innleving.

- Dette engasjerer deg?

- Ja, eg har verkeleg glød for leiarskap som fag. Det er viktig for alle organisasjonar å jobba med leiarskap. Skal ein få noko til, må ein leiari ha tillit og vera god til å skapa fruktbare relasjonar.

### Å verta pensjonist

- Anne, du sit no inne med enormt mykje kompetanse og erfaring etter alle desse åra i kommune-

helsetenesta, korleis er det å ikkje skulla bruka denne sida av deg sjølv meir?

- Det kjennest spesielt. Å tenkja på at eg ikkje skal vera med der lenger - akkurat det er litt uverkeleg. Eg likte ikkje heilt tittelen pensjonist heller, men så tenkte eg at her gjeld det å ha fokus på alt det positive. Eg har sjølv valt å slutta no, blant anna for å få meir tid og overskot til dei fire herlege barneborna mine, som eg har eit sterkt og nært forhold til. Og så er det slik at ein har sjølv ansvar for eigen livskvalitet.

- Og om du ein gong i framtida skulle koma til å trengja hjelp frå heimesjukepleia, kva hadde då vore viktig for deg?

Her treng ikkje Anne tenkja lenge før ho svarer:

- Eg må få lov til å bestemma litt sjølv og oppleve at hjelparane høyrer på meg. At det vert slik som det er i dag. Men i tillegg vil eg òg snu på det - for eg ønskjer sjølv å vera ein blid pasient som verkeleg ser dei som kjem og hjelper meg.

### Anne og nynorsk

Osingen lurar og på kva forhold Anne har til nynorsk.

- Eg snakkar Os-dialekten min, det er det som er naturleg for meg. Eg skriv nynorsk, og har hatt god trening i det i Os kommune der

administrasjonsspråket er nynorsk. Nynorsk er blitt meg - men fanatisk målkvinn er eg ikkje.

### Pensjonist og «singelliv»

Anne Valle er 65 år. Det er underleg. Ho spring til fjells så ofte ho kan, og når ein ser henne fara avgarde slik, minner det meir om ei ungjente. Men det er noko anna òg. Det gneistrande smilet, dei ungdommelege faktene - og all energien. Anne har vore «singel» i 19 år, og eg synest det er vanskeleg å forstå. Det lure smilet kjem fram igjen når me varsamt penstar oss inn på eit så pass privat tema, men ho treng ikkje tenkja seg om.

- Det har vore eit bevisst val, så langt. Eg liker godt menn, skrattar ho, men det er godt å kunna styra tida si sjølv, ha mykje tid til barn og barneborn, og kunna prioritera sjølv.

På veg mot Svinningen står eit merke langs stien: Anne Valles avenue. Det anar oss kven som har døypt dette vegstykket etter henne, og det er lett å forstå kvifor.

Samtalen vår er over, og augustlufta er vorten kjølig. Anne går inn i sin fyrste haust som pensjonist. Med joggeskorne på.



Anne og dottera Dagmar på veg til Kolåstinden i Sunnmørsalpane, 1998

# Harald Kuven (1911 - 91) - vår mann i "Fjellheim"

## Fram frå gløymsla.....

Under denne vignetten vil vi trekkja fram, minnst og mimra om personar og hendingar som er for verdifulle til at dei skal verta verande i gløymeboka.

**Det florerer med jubileum for tida.**

**Fridtjof Nansen vart fødd for 150 år sidan.**

**Det er 100 år sidan Roald Amundsen drog til sydpolen.**

**"Gamle" Fjellheim vart bygd i 1911.**

**Eg vil trekkja fram ein annan 100-årsjubilant:**



Tekst: Anders Hauge

I "dei harde trettiåra" var det lite pengar blant folk, og smått med arbeid. Ein laut ta det ein fekk og vera glad til – om ein fekk noko.

**Harald Kuven** hadde ein heller usikker levemåte som målar, men han nytta tida vel. På fritida lærte han seg bokføring og maskinskriving, dessutan var han ein ivrig deltakar i lagslivet i bygda..

### **Idrettsmann og administrator**

Han spelte fotball i Os Fotballklubb, som slo seg saman med Os turnforening i 1934 i samband med planane om idrettsplass på Kuventræ. Kor god fotballspelar han var, veit eg ikkje, men det er sikkert at han hadde eit stort talent for administrasjon. Berre 24 år gammal vart han første gongen formann i turnforeninga i 1934. Harald Kuven var med i styret for Os turnforening i til saman over 30 år, men viktigaste formannstida hans var perioden 1936 – 39.

Då fekk dei opparbeidd idrettsplassen – eit stort løft for eit lite lag.

### **Mr Fjellheim**

Harald Kuven var altså formann då gamle "Fjellheim" brann ned sommaren 1936. Men eigarane var ikkje skvetne. Dei unge medlemmene med Gustav Lund i spissen sette full fart på arbeidet med

å reisa nytt hus. Trass i at det framleis var harde økonomiske tider, kom eit nytt, staseleg og framtidsretta hus opp i ein fart alt i februar 1938. (Sjå eigen artikkel om "Fjellheim"). Harald Kuven var skrivar i byggjekomiteen, og via dei lune referata hans kan også dagens lesar få levande *Harald Kuven* – eit stort løft for eit lite lag.



Harald Kuven rakar heime på garden. Året er 1973. Den vesle jenta er Tone Line Keys.





Harald saman med venegjeng. Framme frå venstre Harald Kuven, Johannes Tvedt, Anne Kathrine Johannessen, Paul E. Moberg og Martha Irgens Moberg. Bak frå venstre Aud Bahus, Helga Moberg og Kiss (Kirsten) Hauge.

rakar heime på garden. Året er 1973. Den vesle jenta er Tone Line Keys. Inntrykk av alle "viderverdighetane" som komiteen baska med. Sjølve nyopninga vart eit kulturelt storhende. I ein mannsalder etterpå gjekk Harald Kuven så opp i arbeidet for og i "Fjellheim", at han budde meir der enn heime. Derfor var det heilt naturleg at fekk heidersnamnet "Mr Fjellheim".

### Forsyningsnemnda

Det var heilt naturleg at også kommunen fekk augo opp for den mangfaldige Kuven-karen. I ei tid då kommuneadministrasjonen besto av 1,5 mann, voks behovet akutt når krigen kom, og store som små skulle ha rasjoneringskort. Forsyningsnemnda blei etter kvart Harald Kuvens nye arbeidsplass, og det var rett mann på rett plass. Det vert fortalt at han på mirakuløst vis hjelpte både dei som var komne i uføret med "merkje", og dei som låg i dekning. Rasjoneringa varte til langt ut i 50-åra, så her var flust å hengja fingrane i. Fritt bilkjøp vart det faktisk ikkje før i 1960!

### Vedhandlaren

Ei hovudoppgåve for forsyningsnemnda både under og like etter krigen var å skaffa osingane brensel, så dei slapp frysa i dei lange, kalde krigsvintrane. Og i åra etterpå. Harald Kuven vart sett på saka. Som vanleg løyste han oppgåva på ein framifrå måte. Han skaffa til veges torv frå Sotra og Osterøy, og osingane lærte å fyr med torv igjen. Dessutan hyrte han

skøyter frå Bjørnefjords-området som frakta ved frå Boga og Holmefjord og elles der ved fanst for sal. Til hjelp hadde han ei handfull halvstyvingar frå Osøyro som lesste og lossa til 2,50 for timen. Det var god betaling og ettertrakta jobb. Han organiserte òg den store papirinnsamlinga etter krigen, og fylte Buggenaustet med papir av alle slag. Det var eit evntyr å smyga seg inn der og rota fram gamle vekeblad og hefte av ymse slag og kvalitet, og fortapa seg i alt frå Knut Gribb til Fiinbeck og Fia.

### Kinosjefen

I ei tid då folk ikkje nett var bortskjemde med "doften frå den stora værlden", var kinoen det næraste ein kom. Harald Kuven var – sjølv sagt – forretningsfører for Os kino, som eigarane dreiv i "Fjellheim". Det var ein krevjande jobb der mykje skulle klaffa for at førestellingane gjekk etter timeplanen i ei tid der ikkje nett alt gjekk på skjener. Tilstrøyminga til kinoen var nemleg svært stor. På "sjuen" kvar søndagskveld parkerte bussar frå alle krinsane midt på Osøyro, og så vandra folk i flokk og følgje til "Fjellheim". Når filmen var over, gjekk straumen motsett veg. Kinoen var ei god mjølkeku for foreiningane, og Harald Kuven styrte prosessen med hag hand. Til tider måtte han bruka døgnet på begge sider, vart det sagt. Også her var han dyktig til å hyra halvvakne gutar til å henta og bringa filmpakkane. Og favoritten hans over alle favorittar? Den smellvakre "Æva Gærdner"! I 25 år stod han for dette

arbeidet – lønna var ikkje stort meir enn knappar og glansbilde..

### 17. mai personleg

Etter at største begeistringa med freden og 17. mai begynte å forta seg, var det dårleg oppslutning om 17. maikomiteen. Det vart så ille at sjølve tilstellinga sto i fare. Kommunen måtte ta affære, og igjen vart Harald Kuven sett på saka. Som vanleg ordna han opp. I mange år var han 17. mai personleg på Osøyro, der han leia programmet på fint og verdig vis. Eg ser han for meg i den lyse frakken og den lange 17.maisløyfa der han gjekk i spissen for prosesjonen i regn som i sol.

### Selskapsmennesket

Harald Kuven var glad i å vera saman med andre menneske, og han hadde ein svær omgangs-krets. Særleg var han i sitt ess når det var selskap og fest, og han var kjent som ein dyktig festleiar og visevert. Han kjente dei fleste i bygda, og var velkommen alle stader. Når det var fest i "Fjellheim", og det var ikkje sjeldan, var "kontoret" hans møteplass, bar og anretning alt etter som. Harald Kuven gifta seg aldri. Nokon sa at han ikkje hadde tid til det, andre sa at han ikkje hadde behov. Gode venninner hadde han iallfall både her og der. Lenge var han observert på veg opp Kalfaret til Seiersberget kvar søndag føremiddag med blomebukett og konfekteske i sin beste stas.

### Sluttord

Det er inga overdriving å seia at Harald Kuven levde og anda for Os-bygda. På sitt stillfarande vis fekk han utretta svært mykje, til beste for Os og osingane, over lang tid, utan at han stakk seg fram eller kravde oppmerksamheit. Han var i sanning ein trugen arbeidar i Os-kulturens vingard heile livet. Stundom kunne det verka som om han utgjorde halve kulturlivet i bygda åleine. Har så Harald Kuven fått den takk og påskjøning han fortener? Ikkje etter mitt syn. I 1965 vart han rett nok utnemnt til æresmedlem i Os turnforening. Vel fortent. Kva om Os-bygda sette opp eit minne i bronse over ein trufast og usjølvisk kulturarbeidar som aldri *sjølv* sette seg i fokus? Det hadde Harald Kuven fortent!



# Bjørnefjorden Golfklubb;

der du kan chippa deg over generasjonskløfta



Teks og bilete: Eli Margrethe Midtkandal

"Besten, blir du med på ni hol etterpå? Vi kan vedda om ein is kven som vinn. Men du må betala for isen, uansett kven som vinn, altså, for eg gløynde å spørja mamma om pengar..."

Eg har teke med meg golfbagen min

til "drivingrangen" til Bjørnefjorden Golfklubb, og passerer bak to karar som står og øver seg på å slå golfballar beint og langt utover treningsfeltet. Den eine lys i luggen og full av sprett i kroppen. Den andre med like lys, men litt meir glissen manke. Og kanskje litt mindre spretten i kroppen. Men iveren deler dei to karane, og ikkje lenge etterpå ser eg dei rusla av garde, i retning mot høgdedraget bak

klubbhuset. Den eine trillande med golfbagen på ei tralle. Den andre, han med mest sprett i kroppen, med golfbagen godt festa på ryggen, og med lange kliv for å halda følge med bestefaren til første utslagsstaden.

Kven som fekk velja seg sigers-is etter runda deira, veit eg ikkje, for det tek omtrent to timar å gå ei ni-holsrunde. Og så lenge kunne eg

ikkje venta på dei. For denne lune seinsommaretttermiddagen skulle eg få ha ei lita treningsøkt saman med Hilde på 16 år.

Hilde heiter Grasdal til etternamn, og bur i Fana-halvdelen av Lysefjorden. Ho har besteforeldre i Hegglandsdalen, og på veg til og frå besøk hos besteforeldra oppdaga familien hennar tidleg at det heldt på å bli laga til ei veldig fin golfbane på Hauge. Etter at Hilde og far, mor og storebror hadde budd eit par år i Skottland, og vorte ivrige golfarar på dei tallause golfbanene der, vart ho og familien aktive medlemmer i Bjørnefjorden Golfklubb.

"Skal vi ta å chippe litt først?" Hilde leier an bort mot ei lita slette, eit lite øvingsområde, mellom "driving-grangen", som er øvingsfeltet for utslag, og første "tee", som er utslagsstaden for hol 1. Den vesle grassletta vi kjem til, er som ei fin, oval, grøn matte av mjuk nålefilt, med slake skråningar rundt. To hol er plasserte inne på den finaste delen av sletta, den delen som vert kalla "greenen". Nedanfor den eine skråninga er det dessutan ein "sandbunker", ei stor grop fylt med mjuk sand. Slike bunkerar ligg som feller, klare til å glefsa i seg golfballane på veg inn til målet; holet på greenen.

Her skal vi altså øva på å chippa. Vi legg nokre ballar kvar nede i den eine skråninga, tek på oss golfhanske, og finn fram kvar vår kølle. Hilde tek fram eit åttar-jarn, og eg plukkar ut ei kølle som blir kalla "pitch". Vi gjer oss klare til å prøva å slå korte, målretta slag opp mot holet.

"Skal eg vise dokker? Eg har lært nokke lurt av Sverre". Ein liten kar med caps'en på snei kjem svinsande bortover til oss. Han har tydeleg nyleg vore på junior-trening med pro (trenar) Sverre Marcellius, og renn over av iver og inspirasjon. "Dokker må ha bare **litt** baksving, og så må dokker slå **gjennom** ballen. Det e skjæmpeviktig!"

Han stiller seg opp, svingar kølla så vidt i lengste laget bakover, treffer ikkje heilt som han hadde tenkt, og ballen følgjer bakken, i litt for stor fart, eit godt stykke forbi holet. "Så fin baksving du har! Ein gong til, så er eg sikker på at du får til eit veldig bra slag". Hilde har vore instruktør på klubben sin sommar-golfskule og veit at oppmuntring oftast er ein god strategi.



*Grunnlaget for å få til fine utslag vert lagt gjennom gode og fokuserte treningsøker på øvingsfeltet. Svingen må sitja!*

Den ivrige, unge mannen sender oss eit kjapt smil, stiller seg opp på ny, og med hjelp av berre **litt** baksving, og å faktisk slå **gjennom** ballen, greier han å løfta golfballen i ein fin boge i retning mot holet.

"Kjempebra!" Det kjem trestemt, og vi ser at vi har fått selskap av endå ei på chippe-bana. Bjørg Helgesen er innom klubben for litt trening.

"Ein annan ting som er veldig viktig, unge mann," seier ho, "er å sjå lenge nok på ballen. Ikkje løft blikket for tidleg."

"Oki", seier guten, og spring mot

parkeringsplassen, der mor ventar på å lesa golfar og utstyr inn i bilen.

Vi tre stiller oss opp igjen, og snart er vi djupt konsentrerte om nett den vesle oppgåva som ligg framfor oss; å føra golfballen i ein så fin og presis boge som mogeleg, så nær holet vi berre kan. Og den unge mannen sine formaningar om kva som er "skjæmpeviktig" ringjer i øyra...

"Hilde, trur du vi kunne ta ein tur bort på putte-bana no?"



*Saman med fleire av dei eldre junior-spelarane i klubben, var Hilde i august instruktør på Golfskulen for 8 til 14-åringar.*



Eg kjenner eg treng litt forandring, for eg er dessverre ikkje velsigna med den tolmodige og målretta treningsevna og øvingsiveren som kjenneteiknar dei som driv det langt i golfsporten. Evna til å stå og terpa på teknikk, time etter time, i regn og ruskevêr. Viljen til å bruka helg etter helg på å reisa land og strand rundt for å spela turneringar.

Men heldigvis er vi menneske forskjellege. Og nokre verkeleg har stått sine timar i duskregnet på øvingsbana, og traska sine mil med dyvåt golfbag på ryggen, er to som har slite sine barne-golfsko på bana på Hauge. Solveig og Øystein. To golfarar som har fått resultat av innsatsen og talentet sitt, og har skapt seg namn som gjev gjenklang i golfmiljøet. Solveig Helgesen og Øystein Engevik. Solveig, 20 år gamal, og Noregsmeister i golf for kvinner 2011. Øystein, 27 år, nummer to i NM i golf i 2009. Begge har så å seia vakse opp på og med Bjørnefjorden Golfklubb. Klubben vart grunnlagt i 1994, og både Solveig og Øystein vart fødde berre nokre få år før dette. Og etter som klubben vart stadig forbetra og vidareutvikla, klatra Solveig og Øystein oppover på resultatlistene i Golf-Noreg. No er dei faktisk komne så langt at dei står med muleg utsikt til å gjera golf til leveveg.

"Björg, har du høyrte frå Solveig nyleg?" Björg, mor til Solveig, har teke på seg bagen for å gå ei lita runde, mens Hilde og eg gjer oss klare til å spasera bort til putte-bana. Solveig reiste til USA, nærare bestemt Atlanta i Georgia, i fjor, for å kombinera golf på høgt nivå med universitetsstudiar.

"Ho er nettopp reist tilbake igjen etter sommarferien, så ho er vel straks i fullt gjenge att, tenkjer eg. Mykje trening og lesing, og lange dagar. Men ho lever draumen sin, så eg trur ikkje ho kunne hatt det betre".

"Du må helsa så mykje til ho, og seia at vi gler oss til å følgja ho vidare!"

"Takk, det skal eg gjera. Lykke til med treninga, begge to".

"God runde, Björg", seier vi, og ruslar nedom klubbhuset mot puttebana.

"Har du ikkje vore innoom bloggen til Solveig", spør Hilde, og ser litt småsjokkert på meg. Bloggen? Sjølv sagt... Det burde jo vera sjølvinnlysande at enklaste måten å halde seg oppdatert om golf-tilveret til Solveig, og Øystein også, er å følgje med på bloggane deira. Skjerpings!

Puttebana ligg som den finaste, grøne

fløyel framfor oss, med fleire hol med flagg i, plasserte utover. Hilde og eg vert einige om å køyra treningsrunda som ein konkurranse: Kven får færrest slag på ti hol? OK, her må det fokuserast. Hugs armstilling, fotposisjon, roleg, men bestemt putter-føring... "Klunk, klank", høyrer eg like ved sida av meg. I holet rett bortanfor meg legg brått ein golfball seg godt til rette. Kvar kom den i frå? Eg løfter hovudet og kiker bortover bana. Med ein liten puttar i hendene står ei jente på 7-8 år og slår ball etter ball mot holet som ligg godt og vel fire meter frå ho. Ho står med føtene perfekt siktande mot holet, og ballane kjem trillande med fin retning. Eit stykke lenger bak ser eg ein kar som kjem gåande med ein liten lyseblå golfbag i handa, mens han smiler fornøgd. "Såg du den, pappa? Sant den var bra? Sjå no!"

Og på ny legg ein kvit, liten golfball seg til ro i holet.

I alle dagar! Det er då ikkje så lett...

Og at det ikkje er så lett viste seg tydeleg etter endt oppteljing av samtlege hol i Hilde og mi si tevling; Hilde vann med god margin.

Og det trass i at eg heile tida prøvde å tenkja på at eg skulle gjera alt rett! Eller er det kanskje der juniorane har litt av kvart å lære andre aldersgrupper, både når det gjeld golf og elles: Tenk av og til litt mindre. Senk skuldrane og kjenn på gleda som ligg i å få lov å bruka litt tid på noko du likar å gjera.

No har den lune augustkvelden fått eit litt anna drag. Blyfarga skyer har samla seg bak Møsnuken og Svinningen, og vi høyrer ei djup rumling i det fjerne. Og då veit alle golfarar at det er slutt på moroa, i alle fall for ei stund. Å vandra rundt på flatmark med straumleiane metall mellom nevane er ikkje nett å anbefala. Så små og store, unge og gamle samlar saman køller, bagar og traller, og får alt under tak. Og snart er klubbhuset fullt av kaffitørste, is-hungrige og vaffel-etande 5- til 75-åringar. Takk vera torevêret vart treningsrunda til Hilde og meg litt kortare enn vi hadde tenkt. Så terping på lange, beine utslag får venta til neste gong.

Men samværet med fleire generasjonar golfarar ga oss noko anna. Ulike aldersgrupper samlar rundt ein sport og ein hobby som meir effektivt enn dei fleste andre syslar viskar ut generasjonskløftene, er ikkje akkurat det vi har overflod av i kvardagen vår. Kor mange andre typar sport er det tenåringane faktisk har glede og treningsutbyte av å gjera saman



*Hilde er flink til alltid å halda eit positivt fokus når ho spelar golf. Ingen sure miner om ikkje alt gjekk som planlagt. NESTE slag er alltid det viktigaste.*

med besteforeldra sine? Ja, vi har til og med observert at foreldre vert akseptert som treningskameratar og turneringspartnerar i golf...

Takk vera det sinnrike og snedig uttenkte handicap-systemet kan spelarar med ulik alder og på vidt forskjellig nivå spela saman og mot kvarandre, og ha like stort utbyte av runda dei går i lag.

Og kanskje er Bjørnefjorden Golfklubb ein klubb som i særleg grad har lukkast i å få til eit godt og inkluderande miljø, både for juniorar og seniorar, og alle midt i mellom. Dei godt og vel 900 medlemene skulle vera eit godt bevis for at mange har funne seg til rette i golfklubben på Hauge.

Takk for treningsøkta, Hilde, - eg skal smugtrenna litt før neste puttekonkurranse...

*For dei som vil følgja med: Sjekk "Solveigs golfblogg" på Internett: [www.bigk.no/blogger/solblogg](http://www.bigk.no/blogger/solblogg)*

*Øystein sin blogg: [www.holeinone.blogg.no](http://www.holeinone.blogg.no)*



**Leif Harald Lekven** er innfødd osing, oppvaksen på ytre Lekven. Han er engasjert i Radios og syng tenor i Os mannskor.

Han skriv dikt i ledige stunder; skriv om laust og fast, det som rører seg i og ikring han.

Han har hytte i Hardanger, dit han ofte dreg i helger.

"Då har eg alltid med meg munnspelet....," seier han, "og blyant og papir må eg ha i nærleiken, i fall eg får ein skriveidé."

Vi tek med eit par av dikta hans i denne utgåva av Osingen.



## BERRE VENT

Venta på noko godt  
vent, vent

Venta på noko smått  
vent, vent

Venta på noko omsider  
vent, vent

Vent på betre tider  
vent, vent

Venta på å verta stor,  
vent, vent

Venta på å vera syster eller bror  
vent, vent

Venta på å verta rik,  
vent, vent

Venta på å vandra frå jorderik  
vent, vent

La oss til slutt,  
venta på å venta

Så berre vent, så får du sjå

*Tekst: Leif Harald Lekven*

## SMÅDIKT

Ein gledeleg dag i mitt liv  
eg er glad for at det sviv

Ein fuglesong i øyret,  
vil mange sikkert høyre

Eit par hand i hand,  
går i sitt drøymeland.  
Blir avbrote av eit teikn,  
himmelen varslar regn

*Tekst: Leif Harald Lekven*

# Første skulehuset i Os

- Eit 150-årsminne -



Klokkargarden - det første skulehuset i Os. Bildet er frå omlag 1920.  
Tilbygget fram mot vegen kom til ca 1918-19.



Tekst: Lars Skorpen

Med Kristian 3. si kyrkjelov (1539) skulle kvar kyrkje ha klokkar, som skulle vera ungdommen sin katekismelærar. Tekstane vart lesne høgt, og ungdommen sa opp att til dei hugsa. Så kom "Forordning om Almueskole i alle Sogner" frå København i 1739, slik at alle kunne vera godt førebudd til konfirmasjonen, som var obligatorisk frå 1736.

Frå første læraren i Os, Kristen Olson Tøsdal, i 1750, og fram til 1819, var det berre *ein* lærar i soknet. Men frå då blei det to; Henrik T. Synnestvedt i vestre krinsen (Øyane, Neset og Os-krinsen) og Nils L. Hjelle i austre (nordre), som omfatta Lysefjorden, Søfteland og Hegglandsdalen.

Frå 1833 (lova kom i 1827) vart Os-soknet delt i fire krinsar med kvar sin lærar, og for første gong fekk prestegjeldet (Os, Fusa, Strandvik, Hålandsdalen og Samnanger) eit skulebudsjett. 106 daler skulle skulen kosta, 42 av desse fall på Os sokn. Skulearbeidet gjekk jamt og trutt i krinsane, og som nyss konfirmert, stod ofte bondeguten i si nye rolle som omgangsskulelærar.

I 1860 kom landsskulelova som skulle gjera veg i vellinga. No skulle det byggjast skulehus eller leigast faste skulestover. Staten eller amtet (fylket) skulle ta sin del av utgiftene. Det kom også fleire fag, tufta på verdslege verdjar, inn i skulestova; geografi, historie og naturfag.

Etter at vi har ramsa opp den norske skulehistoria gjennom meir enn tre sekel på mindre enn *ei* side, kan vi menga oss med ungane i ei omgangsskulestove ein vinterdag i Os-bygda midt på 1800-talet. Nils Tveit fortel:

"Midt på golvet stod mannen i huset attmed den store treskostabben og hoggde til tresko så flisene fauk. Drengjen sat på treskokrakkjen og grov ut or skorne, medan ein halvaksen gut "skjylpa" (hola ut med skolpejern, holjern, brynekapp) so det gnall i huset. I kring låg det ferduge og halvferduge skor,

treskoemne og treskospon i store haugar. Kona i huset sat i vevgogni og vov so det hadde skikk, og tauserne spann så det dura og kvein i rokkane. Borte ved gruva skramla ei halvaksi jenta med kjerald og kar, og nokre småborn sprang ikring i stova og gjorde så mykje ståk og bråk som dei kunde. Men inst i stova, ikring det store langbordet, sat læraren med skuleborni. Borni las innanboks, alle so høgt som dei orka og alle på ein gong, og attimellom tok også læraren i med høg røyst. Og under bordet låg hunden og gnog på eit bein, som han hadde knipe or ei skuletina, medan katten sat oppe i vindauga og såg velnøgd utover det heile".

Dette høyrest hyggjeleg og heimsleg, men vi skjønner godt at det ikkje er den beste ramma rundt rim, reglar og rekning - og det som ein elles driv med i skulestova.

Det var difor naturleg at spørsmålet om eigne skulehus blei eit dagsaktuelt tema på denne tida. I 1855 vart det sett ned ei nemnd med presten Greve og lensmennene Synnestvedt og Nieuwejaar for å greia ut om saka. Os skulekommisjon gjorde så, etter framlegg frå nemnda, følgjande viktige og vitige vedtak den 12. september 1856: Det første skulehuset i Os skulle byggjast på prestegarden, eller nærare bestemt den nye klokkargarden to steinkast oppfor det vi i dag kallar "Gamleskolen" (1914). Det var borna i krins ein og to (Lyssandbygda og Mobergsgardane) som skulle bruka skulehuset.

Huset hadde husvære til læraren og ei skulestove på ca 40m<sup>2</sup> (10 alen i firkant, 1 alen = 0,6275m), og det vart teke i bruk hausten 1861. Same året vedtok skulekommisjonen at det skulle byggjast skulehus til

Teikning: Borghild Rud.





Omgangsskuletime teikna av Bernt Kristiansen.

Nesjarkrinsane (Nore og Søre Neset) på Mosevollen på Lekven. Dette skulehuset - som blei flytta til Skeie i 1893 - var klart til bruk i 1863. Så kom skulehusa i Lysefjorden (1868) og i Hegglandsdalen (1870). For å nemna nokre.

Det skjer altså ei markert utvikling i norsk skule. Vi skjønner det når vi ser at skulebudsjettet auka frå 153 dalar i 1855 til 1030 dalar 20 år seinare. Skulehusa sprett som paddehattar, og denne utviklinga speglar kva som skjer elles i storsamfunnet.

Det var ein sterk og klar framgang i landet vårt kulturelt, organisatorisk og økonomisk og etter kvart også i alle former for kommunikasjon. Krava til kunnskap og utdanning var aukande. Det gamle hovudfaget, kristendomskunnskap, måtte dela timetal med fag tufta på nye tankar i tida. Tankar som alt på slutten av 1700-talet kom sigande inn frå sør i Europa, først og fremst Frankrike. Opplysningstida sine tankar og idear for med farangs fart over folket.

To generasjonar seinare - utetter andre halvta av 1800-talet - var embetsmannsklassen i ferd med å mista føringa. Blant bøndene auka sjølvkjensla og det politiske engasjementet. Omlegginga i jordbruket tok til, industrialiseringa var i emning og dei folkelege rørslene og laga voks fram. Eit samfunn i utvikling kravde ein skule i utvikling. Difor såg ein alt den gongen konturane av den viktige hjørnesteinen i samfunnet, som skulen skulle koma til å bli.

### Kjelder:

Dokka, Hans Jørgen: Reformarbeid i norsk skole, NKS-forlaget, Oslo 1981

Engevik, Anders Kåre (red.): Bygdesoga for Os, Norsk Skjemaforlag, Bergen 1980

Skorpen, Lars: Skeie i skulesoga, Grafisk Team as, Bergen 2003

Tveit, Marta: Gards- og ættesoge for Os - nyare tid, Centraltrykkeriet, Bergen 1993

Tveit, Nils: Os soga, Centraltrykkeriet, Bergen 1932



## Bokgaver til barnehagane i Os.

Det har i fleire år vore ei glede å få gje barnehagane i Os bokpakkar med gode bøker på nynorsk. Dette er mogeleg fordi salet av heftet "Osingen" har gjeve eit bra overskot. Dei aller fleste av barnehagane i Os, private som kommunale, har fått ei slik gåve frå Os Mållag. Det dukkar stadig opp nye barnehagar, så det er enno nokre att som heilt sikkert vil bli glade for bokpakke. Mottoet for dei nye er "Nye barnehagar treng nye bøker".

I år fekk undertekna heile 5000 kroner til innkjøp av bøker på nynorsk. Eg plar nytta Mammututsalet om våren til første innkjøp, men det er ikkje så mange bøker på nynorsk der. Me melde Mållaget inn i bokklubben "Blåmannbok" og der var det meir å finna.

Den nye, store barnehagen på Flåten, i Gymnasvegen, var den som fekk bokpakkar i år.

*Målfrid Tveit Vaage*



# Med sola i auga



Av:  
Camilla Økland Olsen

**T**jukke lag med mørkegrå skyer fyller himmelen. Kraftige vindpust veltar seg over tørre greiner, og det knakar i ei frosen trestamme. På bakken kviler grått gras dekkja av rim. Graset strekker seg bort til ein grusa sti der det står ein mørk og krokete skikkelse i enden. Skikkelsen snur seg sakte rundt og løftar blikket opp frå den forlatne stien. Ein eldre manns ansikt kjem til syne. Ved første augekast kan ansiktet verka tomt og livlaust. Åra har sett tydelege spor i den askegrå huda. Djupe rynker har lagt seg over innsunkne kinnbein. Kvite skjeggstubbar dekker den spisehaka og spreier seg vidare rundt eit par tørre, smale lepper. Mannens ansikt er alvorleg og kaldt, men han ber eit fredfylt blick. Under ein gammal sikspens kan ein skimta mørke ringar som omkransar eit par blanke, grå auge. Auge som har vore vitne til eit heilt menneskeliv utan å slokna. Bak desse kloke auga, sjelas vindaug, ligg det minne. Minne som kan lokka fram djupe følelsar i form av glede og begeistring, men også angst og sorgmod.

Mannen pakkar den tjukke frakken tettare om seg da den kalde vinden sirklar seg rundt han. Han grev seg inn i naseborene og fargar nasetippen rosenraud. Han stramar skjerfet som ligg slapt rundt den spinkle nakken hans og hostar tørt inn i eit par visne fingrar. Halsen er sår. Kulda bit i dei sprukne hendene hans før dei glir

ned i jakkelomma. Da han høyrer det knasa i grusen bak seg, snur han seg rundt og løftar på den blaute skyggelua. Han er ikkje aleine på stien lenger. Eit barn står eit stykke bortanfor han. Ei lita jente. Det gylne håret hennar heng i ei tjukk flette nedover ryggen. Ho er kledd i ein grøn, langerma bluse med rund krage og kvite knappar i halsen. Eit langt blondeskjørt flagrar rundt leggene hennar, og på føtene ber ho eit par tynne tøysko. Ho trippar bortover stien mens ho nynnar på ein kjend gammal barnesang. Auga til mannen smalnar, og munnen formar så vidt eit smil. Han kjenner denne sangen godt. Når den vesle jenta får auge på den gamle, stansar ho. Mannen møter blikket hennar. Auga hennar glitrar grønt, slik som sollys glitrar når det skin gjennom tettpakka blad. Det gløder i kinna hennar, og eit lett fregnedryss spreier seg over naseryggen. Den vesle jenta brettar opp erma på blusen og set seg ned i det frosne graset med bare kne. Ein einsam kvitveis lenar seg inntil eit tre i kanten av stien. Jenta lukkar dei små hendene sine rundt stilken og plukkar han forsiktig opp frå den kalde jorda. I det ho reiser seg, set det seg ei lita, lysebrun sanglerke framfor henne. Jenta gliser, og eit par smilehol kjem til syne. Der jenta hadde planta dei bare knea sine, er graset grønt og frodig, dekkja av kvitveisar. Sanglerka snappar til seg ei bille før ho set seg i toppen av eit tre og set i gang med å kvitra. Jenta plukkar med seg ein bukett av dei kvite blomane. Dei lyse kronblada kilar mot håndbaken hennar. Ho trippar bortover stien igjen. Isen sprekk og smeltar bort frå sølepyttane den har lagt seg over, når ho trakkar på dei. Jenta ler ein trillande latter når eit par froskar kjem hoppande inn på stien og kvekkar i kor.

Mannen knepper frakken heilt igjen og gøymer hendene i armholene når eit nytt vindpust omfamnar han. Han

ser ned på jenta som no står rett framfor han. Små, lyse hår ligg som vakkert, kvitt dun på dei bare armene hennar. Som gåsungar på eit seljetre, og dei lange augevippene hennar blafrar når ho blunkar, som vingene på ein sommarfugl. Ho set seg ned på dei kalde steinane og legg blomsterbuketten i skjørtet. Dei små barnehendene løftar opp blome etter blome. Flettar stilkane inn i kvarandre. Ein blomsterkrans blir halden opp mot den gamle mannen. Han løftar ei skjelvande hand og lukkar dei tynne, bleike fingrane rundt kvitveisane, med blad dekte av dogdråpar. Han kjenner ein varme spreia seg i dei skjøre fingrane. Dufta av blommar bringer fram gamle minne som han ikkje visste han hadde.

Den vesle jenta kastar eit siste blick på den gamle før ho med lette steg går bortover stien. Den gamle mannen løftar den stive nakken og ser opp mot himmelen. Han ser dei mørke skyene dela seg, og ein skinande stråle med sollys kjem til syne. Lyset skin på fletta til den vesle jenta, og det gir den grønne blusen samme farge som dei glitrande auga hennar. Han står og ser etter den vesle jenta når ho går bortover stien. Han ser korleis graset blir grønnare og himmelen får ein klar blåfarge. Ser trea skyta nye skot og korleis bakken blir dekt av blåklokker og hestehov. Høyrer fuglesang fylla skogen og ein travel humlesverm fly forbi. Det har slutta å blåsa no. Bare ein lett pris streifar ansiktet til den gamle mannen. Han ser ein aller siste gang bort på den vesle jenta, før han snur seg og tar av seg skyggelua. Med sola i auga begynner han å gå bortover den aude stien med kransen i handa. Han veit det er på tide at han forsvinn, no som våren er her.

# Målprisen til festivalbrør



Foto: Kjetil Vasby Bruarøy

## Os mållag sin målpris for 2011 er tildelt Andreas Lindborg og William Lindborg

Grunngjeving: På nokre år har brørne Andreas og William Lindborg skapt ein robust og omtykt festival nett utanfor stovedøra si.

Heile vegen har dei nytta nynorsk i marknadsføringa av Rock n' LOL. Plakatar, heimesider og anna informasjonsmateriell er skriva på eit levande og leikande språk, som viser at det er mykje musikk i nynorsk – også rock n' roll.

Brørne Lindborg er viktige førebilete for ungdom i Os med det dei har fått til på Søfteland. At dei i tillegg kommuniserer lett og naturleg på nynorsk sender eit viktig signal om at nynorsk duger ypparleg som festivalspråk.

Prisen er eit diplom og økonomisk støtte til eit låtskrivarkurs for ungdom i forkant av eller i samband med Søfteland Rock n' LOL.





**Bli abonnent du òg!**

Her finn du  
**SISTE NYTT**  
om det som hender  
i heimbygda di!

**OS & FUSA** POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os  
© 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77  
E-post: [post@osogfusa.no](mailto:post@osogfusa.no)  
[www.osogfusa.no](http://www.osogfusa.no)

## Os-elvarar i sølv og gull

Fin g ve for Osingar.  
Vert laga som pin,  
smykke, slipsn l og  
mansjettknapp.

### S lv

Liten pin 175.-  
Stor pin 275.-  
Lite smykke 175.-  
Slipsn l 450.-  
Mansjett-  
knappar p.p 695.-



Liten gull oselver  
P  s lv slipsn l  
som p  biletet  verst  
Kr. 1290.-

Torggata 6 i Os sentrum 56 300484 - Amfisenteret Fl ten 56 300277

## OS B ATHOTELL

Innelagring av b ter  
opp til 22 fot

**Tlf. 411 42 573**

[www.osbaathotell.no](http://www.osbaathotell.no)  
**Terje Lunde**

BESTILL DIN REISE HOS

**TRAVELNET**

OS REISEBYR  AS

Tlf: 56 30 43 00  
e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no)

[www.verden.no](http://www.verden.no)

**AS S ELEN M BLER**

5212 S FTELAND  
TLF: 56 30 24 00

**DRENERING - MURING - SPRENGING**

**Botnevik Samdrift DA**

ALT INNAN GRAVING OG TRANSPORT

Ring Olav p  924 60 307  
B rd A. p  951 13 187

**TRANSPORT AV MASSAR - GRUNNARBEID**



**studio**  
n nordstrønen

baby  
 barn  
 familie  
 konfirmant  
 bryllup  
 grupper

telefon : 900 96 970  
 e-post : post@studionordstronen.no  
 studio : www.studionordstronen.no  
 bedrift : www.stnor.com

## MATHIASKJELLAREN


på Kuven gard

Rustikt lokale med lun  
atmosfære  
m/garderobe, kjøkken,  
prosjektor m.m.

Gjestebod, møte og kurs  
(inntil  
40 personar)

Mob: 970 38 076,  
e-post oboznevi@online.no

Les gamle årgangar  
på nett.  
Søk etter Osingen på  
[www.oskommune.no](http://www.oskommune.no)



### Din rørleggjarbutikk på Os

## Engevik Rørleggerservice.

Landboden 15, 5200 Os  
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91  
Mobil 90 78 68 98





## **Vi tilbyr alle tenester innanfor rørleggarfaget, som:**

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg*

*Leverer og installerer varmepumper*

*Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg*

*Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg*

*Servicearbeid på tekniske anlegg*

*Tv-inspeksjon av rør og kanaler*

*Lokalisering av rør og kablar*

*Utleige av minigravar*



# **SAMDAL AS**

vvs-Inspeksjonstjeneste

POSTBOKS 226, 5201 OS

TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50

# **APOTEK1 OS**

Postboks 94 - 5202 OS

*Åpningstider:*

kvardagar frå 09.00 til 18.00

laurdag frå 09.00 til 15.00.

## **Os ungdomslag**



## **Steindalsætra**

Eit fint turmål både for eldre og yngre.

Foreiningar, lag og skuleklassar kan leige sætra.

Os ungdomslag

Tlf. 922 07 884

Klær for heile familien



Tlf 56 30 23 80

Det er vi som  
tenner borgalyset!

### Os kulturutvikling

Os internasjonale  
skulptursymposium,  
vognhallen,  
borgalyset,  
Snøgg



Telefon: 56 30 34 10

[www.sculpture.no](http://www.sculpture.no)

### Vi støttar det lokale kulturmiljøet!

Hjå oss får du alt du treng av bøker, faglitteratur  
og data, papir og rekvizita.  
Vi har òg mange godbitar frå ditt lokale miljø!

Osøyro; **libris**

5200 Os  
Tlf: 56 30 04 30 | [osoyro@libris.no](mailto:osoyro@libris.no)  
[www.libris.no/osoyro](http://www.libris.no/osoyro)

### OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret Os Mållag  
Marie Hauge (leiar)  
Eldbjørg Kræmmer  
Mari Lyssand  
Nils Olav Næss  
Ole Jacob Abraham  
Målfrid Tveit Vaage

**Velkomen som medlem!**

Ta kontakt med eit av styremedlemene.



Norges ledende farge- og interiørkjede

**A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN**

Steinneset - 5200 Os  
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

### Kvalitet!

- VERKTØY -  
- MASKINER -  
- REDSKAP -

for  
HUS OG HAGE

**JERNIA**

**P. M. SÆLEN & CO. A/S**

Tlf. 56 30 44 90 – 5201 OS



[www.byggconcept.no](http://www.byggconcept.no)

# ByggConcept



Hamnevegen 54, 5200 Os • Postboks 211, 5202 Os • Telefon 56 30 80 26 • [www.byggconcept.no](http://www.byggconcept.no)